

Oslo Arbeidarpartis bystyreprogram 2019-2023

For hele Oslo

Innhald

Ein by for alle.....	3
Kunnskapsbyen	6
Gode barnehagar til alle.....	7
Kunnskap gjev moglegheiter	8
Høgare utdanning	15
Arbeid til alle	17
Den nyskapande byen	17
Næringsutvikling og nye arbeidsplassar	20
Eit sømeleg arbeidsliv	22
Inkluderande arbeidsliv	24
Ein internasjonal by	27
Byen med plass til alle	28
Byen vår	28
Ungdomsbyen.....	35
Den mangfaldige byen.....	37
Bustad til alle	41
Miljøhovudstaden.....	45
Byen mellom Marka og fjorden.....	45
Ein rein by utan forureining.....	46
Framtidas kollektivtransport	49
Ein enklare og grønare kvar dag.....	53
Kultur og idrett for alle	59
Kulturbreen	59
Idrettsbyen	61
Engasjement og deltaking	63

Byen som tek vare på deg	64
Gode tenester for alle	64
Like moglegheiter for alle barn.....	65
Helse og livskvalitet	67
Ein aktiv alderdom i en aldersvennleg by.....	70
Rusomsorg	74
Ein trygg by.....	76



Arbeiderpartiet

Ein by for alle

Alle som bur i Oslo, skal ha like moglegheiter til å leva eit godt liv, anten dei har vakse opp her, har flytta til byen frå ein annan stad i Noreg, eller kjem hit frå eit anna land. Det er moglegheitene og mangfaldet som gjer Oslo til ein god by å leva og bu i. Like moglegheiter for alle kjem ikkje av seg sjølv. Me må forsvare det inkluderande fellesskapet og openheita byen står for. Me vil investere i fellesskapsløysingane og styre byutviklinga slik at Oslo er ein by for alle.

Oslo er ein eineståande hovudstad. Me er den pulserande storbyen mellom Marka og fjorden. Me har ein attraktiv arbeidsmarknad, ei befolkning med høg kompetanse, store kunnskapsinstitusjonar og eit omstillingssvillig og nyskapande næringsliv. Oslo er ein open by der alle kan vera seg sjølv og realisere draumane sine. Fellesskapet me har i Oslo, gjev meir tryggleik og fridom for den enkelte enn det me oppnår åleine.

Alle Oslofolk skal vera trygge på at nokon stiller opp når dei treng hjelp. Sterke velferdsordningar set folk i stand til å klare seg sjølve, og gjev dei som treng hjelp, naudsynt omsorg. Fellesskapsløysingar skapar tillit og openheit, som er avgjерande i ei tid med store endringar. Oslo Arbeidarparti meiner det er naudsynt med aktiv politisk styring av byen for at alle skal kunne leva eit godt liv.

Målet vårt er å sikre best mogleg tenester til innbyggjarane i byen, uavhengig av kven ein er, kva bakgrunn ein har, kor ein bur, eller storleiken på lommeboka. Ein sterk og moderne offentleg sektor som tilbyr gode, effektive tenester, er det viktigaste verkemiddelet for å nå dette målet. Ressursane fellesskapet bruker på velferd, bør gå til best mogleg kvalitet på tenestene. Kvaliteten blir mellom anna påverka av arbeidsvilkåra til dei tilsette. Arbeidarpartiet ønsker ikkje anbodsprosessar der det blir konkurrert på lønns- og

arbeidsvilkåra for dei tilsette. På kjerneområde som helse, skule og eldreomsorg skal det vera gode offentlege tilbod som omfattar alle. Grunnleggande velferdstenester skal ikkje privatiserast eller blir kommersialiserte.

Arbeidarpartiet ser ideelle organisasjonar som gode samarbeidspartnarar og vil vidareutvikle samarbeidet mellom kommunen og ideell sektor. Arbeidarpartiet vil bruke dei moglegheitene som ligg i innkjøpsregelverket for å sikre innovative tiltak og løysingar.

Alle barn i Oslo skal ha ein god og trygg oppvekst. Politikken vår vil gje auka bemanning og betre kvalitet i barnehagen. Me vil ha ein kunnskapsskule der me satsar på læraren og frigjer tid til undervisning og oppfølging av den enkelte eleven. Me vil setta inn ekstra innsats mot barnefattigdom og styrke tilbodet for ungdom i heile byen.

Arbeidarpartiets Oslo skal vera ein motor for heile landet. Me vil satse på nye idear, bygge framtidsretta kunnskapsmiljø, sikre gode rammevilkår for næringslivet og legge til rette for innovasjon og digitalisering i kommunen.

Arbeidsfolka i Oslo skal ha ein trygg og føreseieleg jobb å gå til. Oslo-modellen er blitt gullstandarden for eit trygt og sømleeg arbeidsliv innanfor bygg og anlegg. No skal me setta djerve mål for ein like tydeleg politikk i andre bransjar og arbeide for at faste tilsettingar blir norma i Oslo. Me vil innføre nye tiltak for å hjelpe fleire som står utanfor arbeidslivet, ut i jobb.

Oslo veks og forandrar seg i høgt tempo. For at byen skal bli ein endå betre stad å bu i, må me styre byutviklinga. Framtidas Oslo kan ikkje overlatast til tilfeldigheitene. Oslo skal vera for menneska som bur i, jobbar i og besøker byen. Me vil at gatene i byen, grøntområde og nærmiljø skal bli tryggare og trivelegare, med meir plass til leik og aktivitet.

Me vil føre ein aktiv bustadpolitikk som tek vare på mangfaldet av menneske over heile byen. Me vil bidra til at det blir bygd

fleire og meir varierte bustader gjennom sterkare offentleg planlegging, og at det skal bli enklare å komma seg inn på bustadmarknaden.

Arbeidarpartiets Oslo skal vera den grønaste hovudstaden i verda. Det er naudsynt med aktiv politikk for å få ned klimautsleppa og gjera lufta reinare. Me vil skapa nye marknader for grøne løysingar og stille stadig strengare utsleppskrav til kommunen sine leverandørar. Utsleppa frå transport må ned, og me skal halde fram med å prioritere fotgengarar, syklistar og eit betre og meir tilgjengeleg kollektivtilbod.

Arbeidarpartiets Oslo skal vera ein aldersvennleg by. Tryggleik i kvardagen og moglegheita til å delta i aktivitetar og vera sosial er avgjerande for god livskvalitet. Eldre er ein stor ressurs, og me vil legge til rette for at fleire deltek i frivilligheita. Me vil halde fram med overgangen frå ei institusjonsbasert eldreomsorg til ein aktiv alderdom der eldre er sjef i eige liv.

Oslo skal vera ein inkluderande og trygg by, fri for diskriminering. Me vil forsvere mangfaldet og verdiane som gjer Oslo til ein storby. Sosial uro og kriminalitet skapar utryggleik og svekker tillita. Derfor vil me setta i verk ein tryggleiksoffensiv for byen. Me skal satse på fellesskapet, på menneska som bur her, og løfta opp dei som fell utanfor. Oslo skal ha plass til alle. Det er styrken vår.

Kunnskapsbyen

Arbeidarpartiet har barnet og innbyggaren som utgangspunkt for alt me gjer. Barn og unge lever ikkje livet sitt innanfor sektorar eller enkeltinstitusjonar. Derfor ser me innsatsen i heile utdanningsløpet i samanheng. Utdanningssystemet må legge til rette for at alle får like mogleger til å nå heilt i mål.

Målet vårt er at fleire skal gå i barnehage over fleire år, og at kompetansen og kvaliteten i barnehagen skal styrkast. For Arbeidarpartiet er god språkutvikling tidleg i livet viktig. Det legg grunnlaget for gode lese-, skrive- og rekneevner, god sosial og fagleg utvikling, meistring, motivasjon og fullføring seinare.

Dei grunnleggande evnene til elevane i lesing, skriving og rekning må følgjast tettare opp dei første skuleåra. Systema for å fange opp og følgje opp dei som treng ekstra fagleg oppfølging i skulen, må bli betre. Elevane må få eit sterke og større lag rundt seg. Skulehelseteneste, rådgjeving, oppfølgingsteneste og andre yrkesgrupper er viktige for å følgje opp sosiale og psykiske utfordringar.

Elevane må haldast motiverte og nysgjerrige gjennom eit heilt skuleløp. Arbeidsformene i skulen må bli meir varierte, og innhaldet til skulen må gjerast meir relevant for eit framtidig arbeids- og samfunnsliv. Kreativitet, problemløsing, digitalisering, praktiske og estetiske evner, fysisk aktivitet, samarbeid og kritisk tenking må få større plass i skulen.

Arbeidarpartiet meiner heile skuleløpet i større grad må sørge for at elevane er godt kjente med dei moglegeheitene som ligg i både yrkesvegen og studievegen. Me må legge til rette for at fleire vel utdanningsløp som samfunnet etterspør.

Arbeidarpartiet meiner det er avgjerande at auka eller omdisponerte ressursar som hovudregel blir brukt målretta

mot barn, barnehagane og skulane som har størst behov. Slik kan alle få likeverdige moglegheiter til vidare utdanning og arbeid.

Gode barnehagar til alle

Ein god start er nøkkelen til det meste i livet. Alle barn i Oslo skal ha dei same moglegheitene til å tilegne seg kunnskap. Grunnlaget for språkutvikling, læring og meistring blir lagt allereie i barnehagen.

Barnehagen skal vera ein stad alle foreldre ønsker å ha barna sine. Småbarnsforeldre skal vera trygge på at barna deira får plass i ein god barnehage med høg kvalitet og pedagogisk kompetanse, der leik og læring står i fokus.

Me vil tilsetta fleire pedagogar og personar med barnefagleg kompetanse i barnehagane. Trygge og kompetente barnehagetilsette er svært viktig for alle barn. Me vil stille krav til kompetanse og språkkunnskapar hos alle tilsette. Arbeidarpartiet meiner at kvaliteten på innhaldet i barnehagen er like viktig som kvaliteten på innhaldet i skulen.

Arbeidarpartiet er oppteke av at offentlege tilskott og foreldrebetalinga skal komma barnehagebarna til gode. Derfor må kommunen sjå til at tilsyn og kontroll av private aktørar blir gjort på jamleg basis. Arbeidarpartiet meiner at kommunen må auke sin del av barnehagetilbodet i Oslo. Samstundes er det viktig for oss at det blir stilt krav til nye private aktørar om likeverdige lønns- og arbeidsvilkår, vaksentettleik, bruk av kvalitetsstandardar og deltaking i foreldreundersøking.

Dei fleste barn går i barnehage, men dei som treng det mest, blir heime eller startar altfor seint. Fleire tusen barn i barnehagealder står utanfor barnehagefellesskapet i Oslo. Me veit at barnehage er det viktigaste verkemiddelet vårt for å hindra fråfall, sosialt utanforskap og arbeidsløyse seinare i livet. Me vil derfor ha ein målretta innsats for å få fleire barn

inn i barnehagen, og starte arbeidet med å gjera barnehage til eit gratis velferdsgode for alle barn i Oslo.

Oslo Arbeidarparti vil:

- Innføre gratis universell kjernetid i barnehagen for alle eittåringar, og på sikt også innføre gratis kjernetid for alle toåringar.
- At Oslo kommune søker staten om å få ansvaret for kontantstøtta, så midlane i staden kan nyttast til aktive tiltak for å få foreldre i jobb og barna i barnehagen.
- Styrke kompetansen i barnehagane ved å auke pedagogettleiken og tilsetta fleire personar med barnefagleg kompetanse.
- Etablere eit prøveprosjekt i kommunen med vikarpool for barnehagar.
- Styrke moglegheita for utdanning til fagbrev og arbeidsplassbasert barnehagelærarutdanning.
- Sikre at alle tilsette i barnehagen tilfredsstiller dei formelle språkkrava, og tilby norskurs til dei som treng det.
- Gjera overgangen til skule best mogleg for barna gjennom god kontakt og god informasjonsutveksling mellom skule og barnehage.
- Rehabilitere kommunale barnehagar.
- Vurdere å innføre levekårsriterium i barnehagefinansieringa, fordi nokre barnehagar har større utfordringar og større behov for å gje barn ekstra oppfølging, og for å kompensere for levekårsutfordringar.

Kunnskap gjev moglegheiter

Oslo-skulen er blant landets beste. Elevane i Oslo-skulen trivst og opplever høg grad av meistring og motivasjon. Arbeidarpartiet vil at Oslo skal ha Noregs beste skule, der alle

elevar har høve til å utnytte potensialet sitt. Den offentlege fellesskulen er berebjelken i samfunnet. Han sikrar eit likeverdig tilbod til alle barn og unge, uavhengig av bakgrunnen og økonomien til foreldra.

Som samfunn må me ha ambisjonar på vegner av alle barn. Dei fleste elevar har ein eller fleire gonger opplevd at skulen krev ein ekstra innsats, anten dei har forseinka språkutvikling eller blir hengande etter i nokre fag. Oslo Arbeidsparti vil at skulane skal ha eit nivå for oppfølging av elevar mellom ordinær undervisning og spesialundervising, nemleg intensivoppfølging. Det betyr at elevane får tett oppfølging frå kvalifiserte lærarar over ein kortare periode. Det krev meir frigjord tid til undervisning og oppfølging av den enkelte eleven.

Arbeidspartiet er bekymra for det høge fråfallet i vidaregåande skule i dag. Fråfallet er spesielt høgt for elevgruppa med svake faglege føresetnader frå ungdomsskulen. Fråfall i skulen er svært alvorleg for eleven det gjeld, fordi det kan føre til reduserte moglegheiter til deltaking i arbeidslivet, men òg for Oslo by som treng arbeidskraft.

Tidleg innsats gjev svært gode resultat i kampen mot fråfall i vidaregåande skule. Oslo Arbeidsparti vil styrke dette arbeidet ytterlegare gjennom å stille strengare krav til kvalitet og sikre eit meir likeverdig tilbod i barnehagen, i skulen og på aktivitetsskulen (AKS).

Fleire lærarar vil betre moglegheita for tilpassa undervisning, betre læringsmiljø og fange opp behovet til den enkelte eleven så tidleg som mogleg. Elevar som slit med grunnleggande ferdigheter, skal få individuell oppfølging av lærarar og følgjast opp av annan fagkompetanse ved behov.

Inntaksordninga for vidaregåande skule sikrar at alle elevar i Oslo, uavhengig av bustad, har høve til å søke seg til den studieretninga dei sjølv ønsker. Arbeidspartiet vil sikre at

elevane kan søke seg til den skulen dei vil. På grunn av eit karakterbasert inntakssystem har det likevel utvikla seg store skilje i Oslo-skulen, der nokre skular krev særskilt høgt karakternivå for opptak, medan andre skular ikkje får fylt opp plassane. Arbeidarpartiet meiner me må vurdere om det er andre inntaksordningar som kan sikre eit større mangfald på den enkelte vidaregåande skulen, samtidig som me sikrar valfridommen til elevane.

Oslo Arbeidarparti vil:

- Sikre dei grunnleggande lese-, skrive- og rekneevnene til barna innan dei fullfører 2. trinn.
- Arbeide systematisk med språkkunnskapane til barna i skulen.
- Sikre god klasseleiing ved å følgje opp kvar enkelt lærar og utvide ordninga med lærarteamet som rullerer mellom skular for å rettleie lærarar i klasseleiing.
- Legge til rette for alternative vurderingsformer som mappeevaluering.
- Greie ut ei mogleg inntaksordning som sikrar ei betre elevsamansetting ved kvar enkelt vidaregåande skule, samstundes som me tek omsyn til valmoglegheita til elevane.
- Ha eit tettare samarbeid med arbeidslivet, Ungt Entreprenørskap og fleire praktiske oppgåver knytte til teoretiske fag.
- Legge attraktive studieretningar til fleire vidaregåande skular for å sikre ei betre elevsamansetting.
- Fjerne stykkprisfinansiering i vidaregåande skule og innføre eit system som i større grad tek høgde for dei faktiske kostnadene.
- Sikre eit godt og likeverdig tilbod i AKS på tvers av skulane, la AKS-leiarar inngå som ein del av skuleleiinga og sørge for ei tettare samhandling mellom skule og AKS.

- At alle elevar på spesialskular får AKS-eigenbetaling basert på bustadbydel.
- Ha eit tettare samarbeid med idretten, kulturlivet og frivilligheita for å gje eit betre tilbod til elevane i AKS.
- Etablere fleire forsøksprosjekt i samarbeid med utvalde vidaregåande skular for å teste ulike tiltak mot fråfall.
- At den pedagogiske utviklinga av skulen skal vera basert på forsking og fag- og lærarutvikling av metode.
- At skulen skal vera open for nye pedagogiske metodar.
- Utvikle et kommunalt ressurssenter for skulehagar.
- Jobbe for meir fysisk aktivitet i skulen.
- Auke satsinga på digitalisering i Oslo-skulen.
- Jobbe for å auke talet på timar med symjeundervisning.

Ein skule med plass til alle

Dei fleste elevar i Oslo-skulen trivst og har det bra. Det er likevel ein del elevar som slit med psykiske og fysiske plager, og somme har problem med rus. Helsenibodet til barn og unge må vera der dei unge er, nemleg i skulen. Arbeidarpartiet vil styrke laget rundt eleven. Me ønsker ei meir tilgjengeleg skulehelseteneste og vil utvikle ein standard for kva kvar skule skal tilby av støttepersonell.

Ei av hovudårsakene til at nokre unge ikkje fullfører vidaregåande skule, er at kunnskapsnivået frå ungdomsskulen er svært lågt. Arbeidarpartiet vil utarbeide ulike utviklingsløyper som sikrar at desse ungdommene fullfører ungdomsskulen med eit karaktergrunnlag som aukar sjansane for å fullføre vidaregåande og komma seg ut i arbeid. Element i ei utviklingsløype kan vera å ta opp att fag, få tilbod om eit 11. skuleår, praksis, sommarskule, lærlingtid eller jobb.

Alle elevar har rett til eit godt og trygt skolemiljø utan mobbing og diskriminering. Oslo Arbeidarparti vil jobbe for at skulegarden skal vera ein trygg stad for alle. Me vil kjempe mot bruken av mellom anna «homo» og «jøde» som skjellsord. Mange som blir utsette for mobbing, lèt vera å seia frå til vaksne. Det er viktig at spesielt lærarar får naudsynt kompetanse til å avdekke symptom på mobbing, og er pliktige til å melde frå til skuleleiing og foreldre. Derfor har det raudgrøne byrådet oppretta mobbeombod i Oslo kommune og handlingsplanar mot mobbing i alle barnehagar og skular.

Oslo Arbeidarparti vil:

- Utvikle og innføre ein standard for kva kvar skule som minimum skal tilby av støttepersonell.
- Sikre ein betre dekningsgrad av helsejukepleiarar i ungdomsskulen og vidaregåande enn bemanningsnorma tilseier.
- Jobbe for at fag- og kompetansesentera i byen har dei ressursane som krevst, slik at barn som har behov for spesialpedagogisk støtte, får den hjelpe dei har krav på innan rimeleg tid.
- Ha eigne utviklingsløyper for utdanning og kvalifisering for ungdom som er i ferd med å falle frå på ungdomsskulen.
- Utvide ordninga med tilbod om eit elevte skuleår før inntak på vidaregåande opplæring.
- Heve kompetansen om mobbing hos alle tilsette i skulen.

Eit løft for yrkesfaga

Oslo-modellen for eit sømeleg arbeidsliv, som det raudgrøne byrådet har innført, har skapa etterspørsel etter fagarbeidrarar og er eit steg i riktig retning for å gjera bygg- og anleggssbransjen i byen attraktiv for ungdom. Eit Oslo i sterke vekst treng fleire fagarbeidrarar. Utfordringa er likevel framleis at altfor få søker seg til yrkesfag, og mange fullfører ikkje påbyrja løp innan normert tid. Yrkesvegen må gjerast relevant for fleire gjennom informasjon tidlegare i skuleløpet, og gjennom å gjera faga i grunnskulen meir praksis- og yrkesretta. Kommunen må garantere for læreplass, og skulen må gjerast meir attraktiv med nye og relevante linjeval, og høve til å kombinere utdanninga med arbeid.

Oslo Arbeidarparti vil:

- Auke kompetansen til skulerådgjevarane om yrkesfag.
- Styrke dei praktisk-estetiske faga i grunnskulen for å gje elevane meir praktisk og variert læring.
- At arbeidslivets skulesekk blir etablert som ein parallelle til den kulturelle skulesekken i grunnskulen for å gje elevar tidleg kjennskap til arbeidslivet, til dømes gjennom bedriftsbesøk eller praksis i ein dag.
- Gje læreplassgaranti i helse- og oppvekstfaga, bygg- og anleggsfaga, restaurant- og matfag og service og samferdsel.
- At yrkesfagprogram skal tilbydast på flest mogleg skular, og at dei særleg skal prioriterast på nye og sentralt plasserte skular.
- Legge til rette for sosiale aktivitetar på yrkesfaglinene.
- Opprette ein felles søkerportal for lærerplassar med standardisert obligatorisk registrering av tilbod om lærerplassar, slik at informasjonen blir lettare tilgjengeleg.
- Legge til rette for hospitering av yrkesfaglærarar i ungdomsskulen.
- Samarbeide med bedrifter og arbeidstakarorganisasjonar, så arbeidstakarar med godkjent realkompetansevurdering i faget kan ta fagprøve.
- I samarbeid med næringslivet greie ut og innføre ei støtteordning for dei bedriftene som vel å gje opplæring til elevar i yrkesfagleg fordjuping.
- Sørge for at utstyr og læremateriell er relevant og oppdatert i forhold til det arbeidslivet krev.

Høgare utdanning

Kunnskapsbyen Oslo har fleire høgare utdannings- og forskingsinstitusjonar. Me har òg eit mangfaldig arbeidsliv med bedrifter innanfor nesten alle bransjar og næringer. For skulane og elevane betyr auka samarbeid med arbeidslivet at elevane kan ta betre informerte studieval, fordi dei har fått prøve seg på fleire fagområde og fått smakebitar av kva ulike yrke og studium faktisk inneber. Det vil gje meir motiverte studentar og eit betre rekrutteringsgrunnlag for næringslivet.

Oslo er den største studentbyen i Noreg, med over 80 000 studentar. Arbeidarpartiet vil legge til rette for eit godt studieliv, både sosialt og fagleg. I samarbeid med Studentsamskipnaden i Oslo og Akershus (SiO) ønsker me å legge til rette for regulering av fleire studentbustader. Det skal vera lett å komma til og frå studiestadene med sykkel og kollektivtransport, og Campus Oslo-prosjektet skal vidareførast i samarbeid med alle aktørane i høgare utdanning. Mottak av internasjonale studentar og forskarar skal betrast gjennom å bidra til realiseringa av eit internasjonalt hus i samarbeid med OsloMet og UiO.

Oslo Arbeidarparti vil:

- Styrke fagskulen og legge fram ein eigen fagskulestrategi.
- At fleire skular skal ha forpliktande samarbeid med høgare utdanning og arbeidslivet.
- Gjera elevane på vidaregåande skular betre førebudde til høgare utdanning og arbeidslivet, mellom anna gjennom:
 - eit tettare samarbeid om karriererettleiinga mellom kommunen og høgare utdanning,
 - å tilby sommarskule i overgangen til høgare utdanning,
 - i større grad trekke høgare utdanning inn i undervisinga.
- Samarbeide med SiO om å auke talet på studentbustader i Oslo.
- Arbeide for å bygge ut bisykkeltilbodet ved studentbyar og studiestader.
- Samarbeide med studentidretten for å betre tilgangen til idrettstilbod for studentane.
- At Oslo kommune skal hjelpe med å greie ut moglegitetene knytte til eit nytt studenthus i sentrum.

Arbeid til alle

Arbeid er nøkkelen til fridom og sjølvstende for enkeltmenneska. Arbeid er også den viktigaste kjelda til verdiskaping i Oslo. Alle har noko verdifullt og nyttig å bidra med. Me vil skapa ein by der alle kan delta i fellesskapet og oppleva meistring. Oslo skal ha låg arbeidsløyse, høg deltaking og eit godt arbeidsliv kjenneteikna av faste tilsettingar, tarifflønn, relativt små lønnsskilnader og reell innverknad på arbeidsplassen. Ufrivillig deltid er skjult arbeidsløyse.

Me lever i ei tid då arbeidslivet er i endring. Arbeidarpartiet vil styre utviklinga slik at me sikrar dei grunnleggande berebjelkane i arbeidslivet og samstundes rustar samfunnet vårt for arbeidsmarknaden i framtida, som krev nye former for kompetanse og samarbeid. Arbeidarpartiet vil forsvere den norske modellen. For å styrke den norske modellen meiner me det er viktig å vera organisert, anten ein jobbar i offentleg eller privat sektor.

Den nyskapande byen

Oslo Arbeidarparti vil føre ein aktiv næringspolitikk for å sikre at me har tilstrekkeleg med lønnsame, trygge og framtidsretta arbeidsplassar. Næringspolitikken vår vil legge til rette for at det blir skapa nye bedrifter, og at kommunen sine eigne tenester blir forbetra.

Oslo skal vera ein motor for Noreg. Om lag ein tredel av alle nye jobbar i Noreg blir skapte i Oslo. Oslo har det raskast veksande oppstartsmiljøet i Norden. Me vil sørge for at denne utviklinga held fram, slik at fleire oppstartsselskap lykkast. Tilgang på relevant erfaring og nettverk knytte til ekspansjon og kommersialisering er viktig for at oppstartsselskap kan vekse og skapa fleire arbeidsplassar i Oslo og Noreg.

For å sikre hovudstaden som eit senter for næringsverksemd og innovasjon må me samarbeide med næringslivet, gründermiljø, forskingsmiljø og utdanningsinstitusjonar. Eit sentralt grep blir å utvikle tre innovasjonsdistrikt i Oslo, der leiande kunnskapsinstitusjonar og kunnskapstunge verksemder samlar seg og samarbeider med gründerar, inkubatorar, investorar og kommunen for å fremma innovasjon og kommersialisering av idear og kunnskap. Målet er fleire og større kunnskapsintensive vekstbedrifter som vil gje byen fleire arbeidsplassar.

Å sjå moglegheitene ny digital teknologi gjev, og kunne nytte seg av dei, vil bli ein kjernekompesanse i både offentleg og privat sektor. Me vil bruke ny kunnskap og digital teknologi til å gjera kommunale tenester meir proaktive, individuelle og saumlause. Me skal i større grad tilby kommunale tenester proaktivt, slik at innbyggjarane ikkje skal trenge å ha med kompliserte søknadsprosessar å gjera. Me skal gjera offentlege tenester meir individuelt tilpassa, og innbyggjarane skal i større grad sleppe å måtte tenke på korleis offentleg sektor har valt å organisere seg, når dei har behov for tenester.

Arbeidarpartiet vil at Oslo kommune skal ta ei leiande rolle innan utvikling av digitale løysingar for innbyggjarane i byen i samarbeid med leverandørindustrien. På denne måten kan Oslo utvikle løysingar som kan brukast att på ein verdifull måte i resten av Noreg og internasjonalt.

Oslo Arbeidarparti vil:

- Sørge for best mogleg rammevilkår for næringslivet gjennom ein aktiv næringspolitikk på område der Oslo har fortrinn, anten gjennom klynger, industri eller kunnskapsmiljø.
- Utvikle fleire tiltak som trekker investorar som kan bidra til ny verksemd og arbeidsplassar i byen vår.
- Tilby betre rettleiing for små og mellomstore bedrifter og vurdere å gjeninnføre etablerarkontor i Oslo.
- Sørge for eit verkemiddelapparat som er tilgjengeleg, enkelt og fleksibel.
- Styrke satsinga på vekstbedrifter og tiltak som fremmar oppskalering av oppstartsverksemder, medrekna sosiale entreprenørar.
- Utvikle innovasjonsdistrikt, mellom anna rundt Hovinbyen, rundt Blindern og i sentrum rundt OsloMet.
- At kommunen skal bruke kunnskapen me har om eigne innbyggjarar og bedrifter, slik at Oslo blir den leiande byen i Europa på tenesteutvikling blant både kommunale og private aktørar.
- Vidareutvikle den digitale infrastrukturen til kommunen, slik at byen blir stadig meir nærings- og brukarvennleg.
- Bruke digital teknologi til å gjera kommunale tenester meir proaktive, individuelle og saumlause.
- Utvikle digitale løysingar innanfor kommunal sektor i samarbeid med norsk leverandørindustri, som igjen kan danne grunnlag for ein sterk eksportindustri i Oslo.

Næringsutvikling og nye arbeidsplassar

Arbeidslivet i Oslo skal gjennom dei største og raskaste endringane me har sett på lang tid. Ny teknologi kjem til å overta svært mange oppgåver, og det er naturleg at arbeidstakrar føler uro når dette skjer. Det er oppgåva vår å bidra til at endringane blir positive for alle innbyggjarane i kommunen. Oslo Arbeidarparti skal skapa politiske løysingar som innbyggjarane har tillit til, og som svarar på dei utfordringane vår tid byr på.

Statlege arbeidsplassar er viktige og medverkar til vidareutvikling av allereie unike kompetansemiljø i Oslo. Arbeidarpartiet meiner at ei spreiing av statlege arbeidsplassar til resten av landet i hovudsak bør skje gjennom nyetablering og vekst i eksisterande institusjonar.

Som hovudstaden i landet er det viktig å få på plass eit godt og samlande regjeringskvarthal som heile befolkninga kan stilla seg bak og vera stolte av. Korleis det nye regjeringskvarтаlet innhaldsmessig blir organisert, må gjennomførast ved ein god og konstruktiv dialog mellom arbeidstakarorganisasjonane til dei tilsette.

Med eit arbeidsliv som endrar seg i høgt tempo, må næringspolitikken sikre etablering av nye arbeidsplassar over heile byen. Oslo er i dag i tet i Noreg på bruk av innovative nyskaffingar. Arbeidarpartiet vil halde fram med å bruke innkjøp og innkjøpsmakta kommunen har, til å nå dei politiske måla våre, og til å skapa betre og fleire arbeidsplassar. Oslo Arbeidarparti vil òg at kommunen skal bidra aktivt til å bu arbeidstakarane sine på endringane i arbeidslivet.

Oslos næringsliv skal bidra til vekst og nyskaping for innbyggjarane i byen og for heile landet. Oslo skal vera ein moderne, berekraftig og attraktiv by å drive og utvikle næring i. Næringsutvikling skal sjåast i samanheng med byutvikling, slik at folk har lyst og råd til både å jobbe og bu i Oslo.

Kommunen skal vera ein føreseieleg og profesjonell samarbeidspartner for dei næringsdrivande i byen.

Kvar dag blir det levert varer verdi hundrevis av millionar til butikkar, kontor, industri og kommunale institusjonar over heile byen. Oslo Arbeidarparti vil legge til rette for at vare- og nyttetransporten i Oslo er effektiv.

Oslo Arbeidarparti vil:

- Bruke det kommunale eigarskapet vårt til å skapa berekraftige arbeidsplassar, innovasjon og auka deltaking.
- At kommunen skal vera ein pådrivar for å forbetre og skapa nye tenester som gjev relevante og gode opplevelingar hos innbyggjarane. Dette vil skapa arbeidsplassar i kommunal og i privat regi.
- Utvikle og styrke digital kompetanse og kapasitet i Oslo kommune.
- Redusere sakshandsamingstida i Oslo kommune gjennom digitale løysingar.
- Vurdere om større byggeprosjekt i Oslo i større grad bør vera digitale og modellbaserte for å sikre høgare kvalitet og kostnadseffektivitet.
- Laga ein kompetansestrategi for Oslo.
- Bidra til at ungdom mellom 16 og 19 år som ikkje går på skule, kjem ut i arbeid eller kvalifiseringstiltak.
- Greie ut ei ordning med køyre- og parkeringsløyve for næringsdrivande som gjer det enklare å levere varer og tenester i Oslo sentrum, og som står opp om Oslo-modellen for eit sørmeleg arbeidsliv.
- Utvikle digitale løysingar med sanntidsinformasjon om lastesoner og næringsparkeringar som er ledige, og der sjåførane kan bestille plass til varelevering.
- Sørge for at alle forretningar i sentrum har lastesone for varetransport i nærleiken.

- Halde fram med å forenkle søknader og andre prosessar som næringsdrivande må gjennom for å gjera jobben sin.
- Utvikle eit samarbeid med relevante aktørar om utvikling av tilbodet i viktige sentrumssstrøk.
- Halde fram arbeidet med større openheit og meir innsyn i politiske og administrative prosessar i kommunen.



Eit sørmeleg arbeidsliv

Delar av norsk arbeidsliv har i lengre tid vore under angrep av aktørar som bruker sosial dumping og arbeidslivskriminalitet som forretningsmodell, og aktørar som bruker lause tilknytingsforhold til arbeidslivet for å jakte på kortsiktig profitt. I Oslo har dette særleg gjort seg gjeldande innanfor store sektorar som bygg- og anlegg, servering, reinhald og helse og omsorg. Dei grunnleggande berebjelkane i norsk arbeidsliv er faste tilsettingsforhold, heiltidsstillingar, regulerte lønns- og arbeidsforhold som sikrar eit godt livsgrunnlag, sterke partar i arbeidslivet og brei oppslutning om det norske skattesystemet.

Oslo kommune er ein av dei største arbeidsgjevarane i landet. Alle innbyggjarane i Oslo treng tenester leverte av kommunen. Det stiller høge krav til seriøsitet og ansvarlegheit. Kvaliteten på fellesskapsløysingane og velferdstenestene blir betre om dei som utfører dei, har trygge og føreseielege arbeidsvilkår. Då trengst det òg ubyråkratiske løysingar, tett samarbeid med dei tilsette, organisasjonane deira og ein god arbeidsgjevarpolitikk. Arbeidarpartiet vil legge tillit til grunn for styringa av Oslo kommune. Tillit handlar om å gje tilsette og leiarar fagleg styresmakt, tilstrekkeleg bemanning, gode lønns- og arbeidsvilkår og kompetansehevingstiltak.

Oslo Arbeidarparti vil:

- Etablere ein heiltidskultur i Oslo kommune, irekna:
 - At alle stillingar i hovudsak skal lysast ut som heile faste stillingar.
 - Å prøve ut nye arbeidstidsmodellar, irekna turnusmodellar, i samarbeid med partane.
 - Å prøve ut kommunal pool med fast tilsette vikarar i enkelte sektorar.
- Bruke innkjøpsmakta til Oslo til å styrke Oslo-modellen for eit seriøst arbeidsliv og utvide han til fleire nye sektorar som eldre-, helse- og omsorgssektoren.
- Bruke Oslo-modellen til å gjenskapa eit sømeleg arbeidsliv i sektorar der dette var i ferd med å gå tapt, og skapa etterspurnad etter fagarbeidrarar og lærlingar som gjer det meir attraktivt å söke yrkesfaga.
- Skape nye yrkeskarrierar for dei som i dag står utanfor arbeidsmarknaden, i samarbeid med NAV, opplæringskontora, organisasjonane i arbeidslivet og bedriftene i Oslo.

Inkluderande arbeidsliv

Meiningsfylte aktivitetar og arbeid bidreg til auka livskvalitet. Sjølv om arbeidsløysa i Oslo er låg, er det store skilnader mellom og innover i bydelane. I enkelte bydelar er delen som er sysselsett under 50 prosent. Me ser ei utvikling der fleire marginaliserte grupper blir ståande stadig lengre unna arbeidslivet. Me er avhengige av å auke sysselsettingsgraden for å finansiere velferdstenestene i framtida.

Marginaliserte grupper som rusavhengige eller personar med funksjonsnedsettingar slit ofte med å få seg varig fast arbeid. Fleire av innbyggjarane våre har ikkje god nok norskkunnskap eller fullført utdanning og får dermed heller ikkje fast arbeid. Arbeidarpartiet vil at alle skal ha høve til å føle seg inkludert i

eit arbeidsfellesskap. Eit inkluderande arbeidsliv vil sikre at fleire har ei lønn å leva av, at fleire bidreg til fellesskapet og opplever meistring.

Oslo Arbeidarparti meiner NAV må styrke innsatsen retta mot dei som står utanfor arbeidslivet. Dei må følgjast tettare opp i samarbeid med arbeidsgjevarar, utdanningssystemet og helsevesenet. Dette er særleg viktig overfor vaksne med forsytaransvar. Arbeidarpartiet meiner at både foreldra i familiarar som får sosialhjelp, og som har gjennomført ordinære løp med jobbsøking og praksispllass, men framleis ikkje er komne i arbeid, skal få tilbod om kvalifiseringsprogram, arbeid med lønnstilskott eller utdanning.

Arbeidarpartiet meiner tiltaksmiddel i større grad må vridast over til lønnstilskott, og at tilskota kan få lengre varigheit. Dagens kommunale bustøtte går i for stor grad til personar som kunne vore i lont arbeid. Arbeidarpartiet vil derfor ta initiativ til ei utgreiling som ser på moglegheita for å sjå bustøtta i samanheng med økonomiske insentiv som fremmar overgang til varig lont arbeid.

Kampen for eit likestilt samfunn er langt frå i mål. Norske kvinner tener i gjennomsnitt 86 prosent av det menn tener. Mykje kan forklarast med ein kjønnsdelt arbeidsmarknad og tradisjonelle, kjønnsdelte utdanningsretningar. Kvinner er overrepresentert i mellombelse stillingar, og det er framleis flest menn i leiarstillingar. Oslo Arbeidarparti ønsker ein utolmodig og progressiv likestillingspolitikk.

Oslo Arbeidarparti vil:

- Gje fleire høve til varig tilrettelagt arbeid.
- Styrke norskopplæringstilbodet i introduksjonsprogrammet gjennom ulike metodar og tilrettelagde kurs innanfor spesifikke fagretningar.
- Prøve ut lønnstilskott til bedrifter som tilset personar som står utanfor arbeidslivet.
- Bruke Oslo-modellen for eit sòmeleg arbeidsliv innanfor helse og omsorgssektoren som verkemiddel for å sikra fleire praksisplassar for personar i intro- og kvalifiseringsprogrammet.
- Utarbeide fagspesifikke språkopplæringsprogram for kommunens tilsette, slik at dei kan kvalifisere seg til faste stillingar.
- Jobbe aktivt for å få fleire med minoritetsbakgrunn i arbeid. Me ønsker ein open og inkluderande arbeidsmarknad som ikkje diskriminerer nokon.
- Auke bruken av erfaringskonsulentar i tenestene til kommunen.
- Styrke rettleiinga og oppfølginga av ungdom med startvanskar i arbeidslivet.
- Ha forsøk med anonyme jobbsøknader.
- At alle NAV-kontor skal ha eit familieteam eller ein familiekoordinator.
- At NAV har eigne pakkeforløp inn i arbeidet for å få både foreldra ut i arbeid.
- Greie ut om mottakarar av kommunal bustadstøtte heller kan tilbydast tilpassa pakkeforløp anten gjennom utdanning med dekning av livsopphald eller arbeid med lønnstilskott.
- At Oslo kommune søker om ei forsøksordning der også statlege middel til bustøtte for barnefamiliar kan opprioriterast til å dekke inntekter ved utdanning og lønnstilskott ved arbeid.
- At fleire av tiltaksmidlane NAV bruker, skal gå til å styrke grunnleggande evner hos brukarane, slik at ein kan kvalifisere seg til jobb.

- Etablere fleire arbeidsplassar for personar med rusproblem.
- Legge til rette for at fleire med funksjonsnedsettingar kan arbeide i Oslo.
- Innføre ei forklaringsplikt for likestillingsarbeidet og for lik lønn for likt arbeid i kommunen.
- Jobbe aktivt for at fleire arbeidsgjevarar skal legge til rette for at menn tek større del av omsorgsansvaret/foreldrepermisjonen.
- Jobbe aktivt for at fleire menn skal velja kvinnedominerte yrke, og at kvinner skal velja mansdominerte yrke.
- At Oslo kommune skal gå føre og jobbe aktivt for ei betre rekruttering av tilsette med minoritetsbakgrunn.

Ein internasjonal by

Oslo er i ferd med å etablere ein internasjonal posisjon innan klima og miljø, fredsarbeid, innovasjon og teknologi og dessutan kunst og kultur. Arbeidarpartiet vil at Oslo skal vera verdsleiane innan klima- og fredsarbeid. Me skal styrke Oslos posisjon som kunnskapsby og som eit kulturelt og kreativt kraftsenter.

Oslo ligg heilt i front i verda i miljø- og klimaarbeidet. Me har den meste ambisiøse klimastrategien i verda og verdas einaste klimabudsjett. I 2019 er Oslo Europas miljøhovudstad. Det vil auke merksemda og styrke posisjonen vår internasjonalt.

Som vertskap for Nobels fredspris har Oslo ein unik internasjonal posisjon. Arbeidarpartiet meiner denne bør brukast endå meir til å fremma Oslo som internasjonal fredsby.

Oslo kommune skal halde fram med det aktive arbeidet sitt for å kjempe mot skatteunndraging og kontinuerleg vurdere nye måtar å luke ut uønskte leverandørar på, til dømes kriminelle

eller useriøse leverandørar som opptrer uetisk eller i etiske gråsoner. Oslo kommune skal bidra i arbeidet mot skatteparadis.

Svært mange av jobbane som er blitt skapte i Oslo dei siste åra, har vore innan start-ups og teknologibedrifter. Oslo Arbeidarparti vil legge til rette for at universiteta og teknologimiljøa våre kan tiltrekke seg dei klokaste hovuda internasjonalt. Oslo skal tiltrekke seg investeringar, samstundes som norske bedrifter og start-up-miljø får hove til å ta steget ut i verda.

Med over 5000 konserter og arrangement kvart år har Oslo eit kulturtildel heilt i verdstoppen. Hovudstaden har dei siste åra utmerkt seg internasjonalt innan arkitektur og byggekunst. Oslo er òg blitt destinasjon for eit større internasjonalt publikum til arrangement og konferansar og for stadig fleire turistar.

Oslo Arbeidarparti vil:

- Marknadsføre og posisjonere Oslo internasjonalt.
- Styrke Oslos posisjon som internasjonal kunnskapsby gjennom samarbeid mellom universiteta i byen, høgskular og innovasjons- og teknologimiljø.
- Etablere eit prøveprosjekt i Oslo for «Start-up-visum» basert på erfaringar frå slike program i Storbritannia, Danmark og Tyskland.
- Legge til rette for at Oslo får ein leiande posisjon internasjonalt innan klima og miljøarbeid.
- Vidareutvikle samarbeidet med Nobelinstituttet, Nobels fredssenter og universiteta for å styrke Oslos posisjon som internasjonal fredsby.

Byen med plass til alle

Byen vår

Oslo kommune har hovudansvaret for planlegginga av byen. Målet med byutviklinga er at byen skal vera god å bu og leva i, no og i framtida. Oslo Arbeidarparti vil ta heile Oslo i bruk. Me vil kombinere høg bustadtettleik med tilgang til parkar, Marka og sjøen, kollektivtransport, tenester og gode offentlege rom i fleire område av byen.

Samtidig er det òg viktig med løpende utvikling i dei ytre bydelane, slik at desse ikkje blir liggande i eit vakuum, mellom fortettingsområda i indre by og vekstområde i omlandskommunane.

Oslo Arbeidarparti meiner at strategien med å fortette innanfrå og ut skal ligge fast, og at det er viktig med effektiv og miljøvennleg fortetting i stasjonsnære område. Det skal leggast vekt på nabolagsverdiar og omsyn til omgjevnader i all byutvikling. Arbeidarpartiet står kommunens overordna strategi om at småhusområda i Oslo skal bli tekne vare på.

Byutviklinga skal legge til rette for at dei fleste behov er dekte innanfor små område, samstundes som ein har rask og miljøvennleg tilgang til heile bytilboden. I nye byutviklingsprosjekt er det naturleg å tenke bustadanlegg med private leilegheiter, nokre omsorgs- og leige-til-eige-leilegheiter, service, kultur og handel på grunnplan, barnehage og felles grøntområde i nærmiljøet. Oslo Arbeidarparti vil òg vektlegge god arkitektur i byutviklinga.

Arbeidarpartiet vil understreke at uteareala til bustader ikkje skal ligge i raud støysone, og at nye bustader ikkje skal ferdigstillast med soverom liggande i raud støysone etter at tiltak er gjennomførte.

Dei neste åra kjem størstedelen av veksten til å skje i nokre få område. For område som Hovinbyen, Vippetangen, Filipstad og Majorstua er det viktig at kommunen tek ansvar og driv heilskapleg planlegging. Oslo Arbeidarparti vil at Hovinbyen skal bli vakkra, grønare og eit fleirfunksjonelt byområde der

det er godt å leva. Me vil at Vippetangen skal forsterke Oslos rolle som fjordby gjennom ei tydeleg kopling til marine næringer. Me vil at Filipstad skal utviklast som eit tett og fleirfunksjonelt byområde med god tilgang til fjorden og gode grøne rom. Oslo Arbeidarparti er positive til Oslo-Filharmoniens tankar om eit nytt konserthus på Filipstad.

Heilskapleg planlegging i kommunal regi skal vera hovudregelen for utvikling i utviklingsområde. Me vil at kommunen skal ta eit større ansvar for å drive fram utviklinga av enkelte område, og vil aktivt ta i bruk eigen eigarskap til tomter og bygg i dette arbeidet. Det betyr at kommunen skal vera ein pådrivar og partnar for utbyggarane, noko som gjev større sikkerheit og raskare framdrift. Oslo Arbeidarparti meiner at kommunen må bruke strategiske tomtekjøp og andre verkemiddel for å auke attraktiviteten og investeringsviljen i delar av byen der han er låg i dag. Arbeidarpartiet vil også vurdere måtar å styrke planleggingskapasiteten i bydelane på, og legge til rette for eigne medverknadstiltak retta mot befolkningsgrupper som normalt ikkje deltek.

Oslo Arbeidarparti vil:

- Jobbe for berekraftig utvikling av byen med gode og attraktive nærmiljø.
- Ha sterk offentleg styring av byutviklinga og bustadbygginga
- Planlegge byutviklinga slik at sosiale funksjonar som barnehage, skule, bydelshus og idrett blir tekne vare på, og at nye område blir tilrettelagde for miljøvennleg transport.
- At alle nye kommunale bygg skal vera fleksible, funksjonelle og klimasmarte.
- Etablere eit nytt sjøbad på Vippetangen og utvikle området med kulturaktivitetar, hotell og bustader.



Eit levande, trygt og triveleg bymiljø

Oslo Arbeidarparti vil arbeide for trygge og trivelege bustadgater og nabolag over heile byen. Det inneber god lyssetting som ikkje sjenerer, reine gater og parkar med kjeldesortering, i både ytre og indre by. Me vil legge vekt på å gje barna trygge skulevegar. Farten til bilane skal tilpassast dei mjuke trafikantane, og bustadgatene skal utformast så det er plass til alle.

Ein god by treng mange grøne lunger og møteplassar. Oslo Arbeidarparti vil verne parkane og grøntområda i byen, og jobbe for å utvikle fleire grå areal til grøne drag i heile byen. Parkane våre skal vera attraktive rekreasjonsområde, som blir stelte godt og haldne reine. Arbeidarpartiet vil legge til rette for urbant landbruk. Parsellhagar og nabolagshagar er viktige møteplassar på tvers av generasjonar og bidreg til ein variert grønstruktur og biologisk mangfald i byen. Dei er også viktige arenaer for kunnskap om økologisk samspele og matproduksjon.

Eit levande sentrum blir skapt av at folk ferdast der. Sentrum er ein livleg stad når hyggelege gater blir kombinerte med gode møteplassar, eit rikt handelsliv, spennande kulturopplevelingar og eit pulserande uteliv. Me vil at kommunen skal samarbeide tett med handelsstanden, kulturlivet og næringslivet for å skapa liv i sentrum.

Oslo Arbeidarparti vil:

- Legge til rette for etablering av fleire parsellhagar i byen og stø lokale initiativ til grøne møteplassar.
- Styrke artsmangfaldet i parkar, elvar og grøne lunger i byen ved å sikre eit variert planteliv og bidra til oppsetting av fuglekasser, insekthotell og andre tiltak.
- Gjera det lettare for gåande å komma fram i Oslo.
- Etablere hjartesoner med avgrensa bilkøyring rundt skulane.
- Stø lokale initiativ for å redusere biltrafikken og gjera han tryggare.
- Etablere fleire gater der mjuke trafikantar er prioriterte, og dessutan gågater i sentrum.
- Halde stigar og gangvegar i byen ved like og binde parkane våre saman med eit grønt turnett.
- Arbeide for at det blir etablert fleire parkar og grøne tak i heile Oslo og verne kolonihagane.
- Forbetre mokinga av fortau, vegar og gater.
- Sikre at gatene og parkane i byen er opplyste om natta.
- Bevara parkane og torga i Oslo som attraktive rekreasjonsområde og kartlegge kva parkar og torg som bør rustast opp.
- Redusere gjennomgangstrafikk og framandparkering.
- Etablere tilrettelagde parkeringsplassar for tungtransporten og fase ut moglegheita tungtransporten har til å parkere i bustadgater.
- Arbeide for å samle tungtransport på hovudvegar, særleg til og frå Alnabruterminalen.
- Utvikle ordninga med bebuarparkering, med betre tilrettelegging for næringslivet.
- Vidareføre retten bydelane har til å avgjera om dei vil innføre bebuarparkering i gatene sine.
- Legge til rette for å bygge fleire innfartsparkeringar i randsona av Oslo og då ved kollektivknutepunkt.

- Betre vedlikehaldet av asfalten i gatene og vegane våre.
- Legge til rette for at det er aktivitet i næringslokale på bakkeplan, slik at alle som ferdast i gatene, opplever byen som tryggare og hyggelegare.
- Utvikle sentrum med fleire grøne område, fleire benkar og leikeplassar og fleire aktivitetar som gjer byen interessant å ferdast i.
- Bygge fleire offentlege toalett, både i by- og grøntområde.

Ungdomsbyen

Oslo skal vera ein god by for dei unge der alle har høve til å ha ei meiningsfull fritid. Oslo har eit rikt og variert idretts- og aktivitetstilbod for ungdom.

Mange unge driv med organiserte fritidsaktivitetar, som idrett og ulike former for kulturuttrykk. Oslo Arbeidarparti vil styrke dette tilboden. Idrettstilboden må vera tilgjengeleg for alle, også for dei med dårlig råd.

Ungdomstida er identitetsskapande. Då er det særleg viktig å bli sett og inkludert. Rus og psykiske problem, utanforskap og frustrasjon må handterast på eit tidleg tidspunkt.

Det er eit stort behov for møteplassar og aktivitetstilbod for ungdom som ikkje driv med organiserte aktivitetar. Oslo Arbeidarparti vil legge til rette for gode møteplassar for meiningsfylt aktivitet, som fritidsklubbar med trygge vaksne og attraktive aktivitetar, kveldsopne skular eller kafear.

Oslo Arbeidarparti vil prøve ut ei ordning som i andre land blir omtalt som Community Schools. Me kallar det nabolagsskular. Skulebygningen er open på kveldstid og tilbyr læring, aktivitet og familiestøtte, hovudsakleg gjennom frivillig innsats. Skulane bidreg til ei positiv utvikling av lokalmiljøet og tettare kontakt mellom beboarane.

Moglegheita til å få prøve seg i arbeidslivet og vise at ein er til nytte, er ein sterk motivasjon for ungdom som for alle andre. For mange kan det å få ein sommarjobb eller ein praksisplass å setta på CV-en, og oppleva meistringskjensle i jobben, syne at det finst moglegheiter og ein veg vidare. Derfor vil Oslo Arbeidarparti utvide jobbtilboden for ungdommen i byen.

Møteplassar, aktivitetar og tenester for ungdom må vera føreseielege. Det krev langsiktige finansieringsordningar.

Arbeidarpartiet vil ha som hovudregel at ungdomsarbeid skjer i form av faste stillingar og ikkje i form av prosjektmiddel.

Oslo Arbeidarparti vil:

- Opne lokala til skulane for fritidsaktivitet på kveldstid.
- Prøve ut ordninga med nabolagsskular i to bydelar.
- Legge til rette for aktivitet og leik på uteplassar og i parkar i nærmiljøet med leike- og treningsapparat, fotballmål, basketkorger, badeplassar, benkar med meir.
- Opprette fleire utekontaktar og oppsökande team.
- Utvide opningstidene på kveldsopne helsestasjonar for ungdom.
- Halde på rabatterte prisar for barn og unge på kommunale aktivitetar og kulturtilbod.
- Legge til rette for ein portal med oversikt over tilbodet til ungdom i Oslo, gjerne også på bydelsnivå.
- Utvikle eit familierettleiingsprogram til foreldra til ungdommen etter modell frå ICDP (program for foreldrerettleiing).
- Tilby arbeidstiltak for ungdom, spesielt i utsette bydelar, i samarbeid med næringslivet. Kommunen må gå føre og opprette praksisplassar.
- Utvide deltids- og sommarjobbtildet til ungdom.
- Sikre føreseielege og langsiktige finansieringsordningar for aktivitetstilbod til ungdom.

Den mangfaldige byen

Befolkninga i Oslo består av meir enn 200 nasjonalitetar. Ein tredjedel av befolkninga i byen er innvandrarar eller barn av innvandrarar. Det har bidrege til å gjera Oslo til ein internasjonal og fleirkulturell by. I ei globalisert verd er fleirkulturell kompetanse og språkkunnskapar avgjerande for ein hovudstad. Byane som blir prega av sterke og inkluderande fellesskap, der alle innbyggjarar blir møtte med openheit og mangfaldet blir ønskt velkommen, blir vinnarane i globaliseringa. Oslo Arbeidarparti vil kjempe mot framandfrykt og rasisme. Me vil ha ein by prega av tillit og openheit der det er plass til alle.

Alle skal ha like mogleger, uavhengig av kjønn, etnisitet, funksjonsevne, religion eller seksuell orientering. Verdiar som likestilling og likeverd står sterkt i storbyen, og me vil jobbe mot alle former for diskriminering og trakassering.

Oslo skal vera ein livssynsopen by. Fridom til å tru på kva ein vil og ytre kva ein vil, skal vera ein naturleg del av fellesskapet vårt. Respekt for den religiøse tilhøyrsla til andre, for ulike livssyn og ikkje-tru skal prege Oslo, og mangfaldet skal ønskast velkommen. Mangfaldet av trussamfunn og livssynsorganisasjonar blir utfordra til å bidra til å utvikle byen og bydelane til gode stader å bu og vekse opp.

Fridoms- og likestillingskampen har alltid vore ein raud tråd i Arbeidarpartiets politikk. Enkeltmennesket skal ikkje måtte kjempe dei små og store kampane åleine, men oppleva å stille likt og kunne velja fritt. Integrering handlar om å ha felles køyreregler i eit ope demokratisk samfunn. Slik vil ein stille sterkest mogleg på tvers av kulturell og religiøs bakgrunn og ha eit fellesskap der flest mogleg kan trivast og føle seg tekne vare på.

Ein viktig del av vår tids fridoms- og likestillingskamp er det sosiale og kulturelle presset som mange gutter og jenter står

overfor når dei skal velja korleis dei vil leva livet sitt. Skam og æreskultur er fridomsrøvande, og det er sjølvsagt at kjønnslemlesting, tvangsekteskap og andre overgrep mot enkeltindividet er forbodne. Arbeidarpartiet skal stø personar i fleirkulturelle miljø som kvar dag kjempar mot negativt sosialt press og æreskultur.

Oslo Arbeidarparti vil halde fram med å kjempe for ein by der LHB+T-personar blir respekterte og inkluderte. Dette er viktig ikkje berre for dei som opplever vald og diskriminering, men òg for samfunnet som heilskap, ved at færre fell frå i skulen, færre får helseplager som følgje av hets og vald, og fleire trivst i arbeidslivet. Oslo Arbeidarparti vil arbeide aktivt mot diskriminering og trakassering av lesbiske, bofile, homofile og transpersonar.

Oslo kommune har ei betydeleg og veksande samisk befolkning. Kommunen har elevar som får opplæring i samisk i regi av Kampen skule, og ein eigen samisk barnehage. Kommunen husar òg Samisk hus som møtestad for det samiske miljøet og formidlar av kunnskap til innbyggjarane i byen. Oslo Arbeidarparti ser på den samiske kulturen som ei vinning for byen og ønsker å styrke og gjera samane sin plass i byen synleg.

Kwart år tek Oslo-skulen i mot 600–900 nykomne elevar frå andre land og førebur dei på ordinær undervisning gjennom at dei tek del i ei innføringsklasse. Det er viktig at den overgangen skjer på ein god måte, slik at klassene blir integrerte med resten av skulefellesskapet. Elevane må derfor inkluderast i arenaar saman med resten av skulen, til dømes ved felles friminutt og undervising i same bygg. Lærarane, skuleleiinga og anna personell som legg til rette for overgangen, må få gode tilbod om kurs.

Oslo Arbeidarparti vil:

- Styrke samfunnsrolla til minoritetsorganisasjonane innanfor inkluderings- og likestillingsarbeid.
- Halde fram med å ta initiativ overfor staten for at organisasjonar og livssynssamfunn som får offentleg støtte, får plikt til å informere om å leva opp til målsettingane Oslo kommune har for inkludering og likestilling. Dette inneber mellom anna at kjønnsbalansen i styresamansettningar må vera minst 40/60.
- Fornye seksualundervisninga så ho òg handlar om kjønns- og seksualitetsmangfald, grensesetting, relasjonar og ansvar.
- Styrke opplæringa av tilsette i Oslo kommune med eit opplæringstilbod som omfattar LHBT+-problematikk.
- Styrke samarbeidet med frivillige organisasjonar og trussamfunn i arbeidet for å utvikle respekt for mangfaldet i byen.
- At Oslo kommune skal setta i verk eit prøveprosjekt der elevar i innføringsklasser på kvar skule blir blanda med elevar i ordinær undervisning i fag der språk ikkje er ein barriere.
- At Oslo kommune skal gjennomføre ei evaluering av ordninga med innføringsklasser, for å kartlegge kva som blir gjort for å styrke ordninga som eit integrerande tiltak.
- Jobbe for å styrke det samiske barnehage- og skuletilbodet og dessutan styrke Samisk hus som eit møtepunkt for det samiske miljøet og formidlar av samisk språk- og kulturkunnskap i Oslo.

Ein tilgjengeleg by

Personar med funksjonsnedsettingar skal ha same høve til å leva eit fritt og sjølvstendig liv som alle andre. I dag opplever personar med funksjonsnedsettingar barrierar som fører til utanforskap fordi samfunnet ikkje er tilrettelagt for dei.

Universell utforming av det offentlege rommet bidreg til at fleire menneske får brukta potensialet sitt, samstundes som det gjer det enklare for alle. Nærskulen bør vera eit reelt alternativ for barn med funksjonsnedsettingar, og individuelt tilpassa opplæring bør skje i klassemiljøet. Det skal vera lett å flytte seg rundt i byen.

Oslo Arbeidarparti vil:

- Halde fram arbeidet med å gjera skulane våre universelt utforma.
- At alle som har rett til Brukarstyrt personleg assistanse (BPA), skal kunne leva eit sjølvstendig liv og delta i samfunnet.
- Sikre at Sporveien følgjer opp arbeidet med universell utforming og tilgjenge i kollektivtilbodet.
- Sikre god dekning av HC-parkeringsplassar i byen.
- Sikre at informasjonen til kommunen er tilrettelagd for personar med funksjonsnedsettingar.
- Sikre universell utforming av eksisterande byrom ved endringar.

Bustad til alle

Oslo skal vera for alle. Vanlege lønnsmottakarar skal ha råd til å bu i Oslo, i ein god bustad, i eit godt buminjø. Oslo Arbeidarparti vil ha framleis høgt tempo i bustadbygginga. Me vil halde fram med å ta styring over bustadbygginga. Me vil skapa buminjø der det er plass til menneske med ulik livssituasjon og økonomi, med varierte bustadtypar i alle delar av byen. Varierte nabolag skapar god integrering.

Dei siste åra har bustadbygginga i Oslo teke seg opp. Likevel gjer befolkningsveksten at bustadprisane framleis ligg på eit høgt nivå, og mange står utanfor bustadmarknaden. Løysinga vår er å bygge meir gjennom sterkare offentleg planlegging og sterkare kommunal involvering i bustadbygging.

Oslo Arbeidarparti meiner me no står i ein situasjon som krev ein ny communal bustadpolitikk for å hjelpe fyrstegongskjøparar inn på bustadmarknaden. Me ønsker å gjera det enklare for dei som i dag leiger bustad, men ikkje får lån til å kjøpe bustad. Oslo Arbeidarparti vil greie ut etableringa av eit communal bustadselskap som, åleine eller i samarbeid med andre aktørar, skal bygge bustader og selja dei til førehandsdefinert pris. Bustadene som blir lagde ut for sal, skal hovudsakleg reserverast for fyrstegongskjøparar.

Prisane på bustader i sentrum stig meir enn andre stader. Folk som tidlegare budde i desse områda, har ikkje lenger råd til å bu der og flyttar ut til forstadene. Befolkingssamansettinga i enkelte buområde har derfor endra seg i høgt tempo. Oslo Arbeidarparti meiner det må settast inn ekstra tiltak, som områdesatsingar, i dei bydelane som er spesielt utsette. Me har gode erfaringar med områdeløft og vil vidareutvikle noverande satsingar og vurdere nye område. I tillegg vil Oslo Arbeidarparti greie ut moglegheita for at private eigedomsutviklarar som får løyve til å bygge bustader i sentrum, gjennom utbyggingsavtalar og rekkefølgjekrav, blir pålagde å bidra til å utvikle fellesareal i forstader til Oslo. Me

vil også vurdere å be departementet om ei lovendring som gjer at erstatningsareal kan realiserast innanfor kommunen og ikke utelukkande i direkte tilknyting til planområdet.

Oslo kommune må til kvar tid nytte Husbankens mogleigheter til å gje lån for å hjelpe yngre menneske med låg inntekt til å skaffe seg eigen bustad. Arbeidarpartiet har på Stortinget foreslege auka rammer for Husbanken med sikte på auka innsats for unge menneske.

I åra framover vil me at Oslo kommune skal halde fram med å kjøpe kommunale bustader. Me vil halde fram med å arbeide for å spreie dei kommunale bustadene over heile byen. I tilfelle der kommunen ønsker å selja kommunale bustader, vil me legge til rette for leige-til-eige for at fleire skal komma inn på bustadmarknaden.

Bustadstandarden til nordmenn er heilt i verdstoppen. For Oslo Arbeidarparti er det viktig å halde fram med å bygge bustader med høg kvalitet. Å stille krav til kvalitet betyr at det skal vera gode lysforhold, lite støy og tilrettelegging for funksjonshemma. Kvalitet handlar òg om at det er gode uterom, med leikeplassar og fellesareal der det er triveleg å vera.

Oslo Arbeidarparti vil:

- Halde oppe det auka tempoet i regulering av nye bustader.
- Greie ut etableringa av eit kommunalt bustadselskap som skal bygge bustader og selja dei til førehandsdefinert pris til fyrstegongskjøparar.
- Undersøke moglegheita for å opne opp for at rekkefølgjekrav og erstatningsareal kan realiserast innanfor heile kommunen og ikkje berre i direkte tilknyting til planområdet.
- Ta initiativ til at planarbeid blir organisert på ein måte der ein tidleg bringar fleire inn i prosessen.
- At byutviklinga skal bidra til auka by- og bukvalitet.
- Forsterke fokuset på å bygge smart, miljøvennleg og med høg arkitektonisk kvalitet.
- Ikkje ekspropriere eigedom til bustadbygging.
- Hindre seksjonering av leilegheiter der det går ut over bumiljøet, og jobbe aktivt for endringar i det nasjonale lovverket som bidreg til mindre seksjonering og betre bumiljø.
- Etablere fleire multihuus med studentbustader, seniorbustader og kommunale bustader i same bygg.
- Setta ei øvre grense på korttidsutleige på 60 dagar i året, og 30 dagar i burettslag.
- Kjøpe fleire kommunale leilegheiter i ulike delar av byen, og arbeide for at dei kommunale investeringane bidreg til at det blir bygd fleire leilegheiter i Oslo.
- Etablere fleire leige-til-eige-prosjekt og bu-start-prosjekt.
- Gjennomføre forsøk med ålmennbustader i Oslo.
- Ta initiativ til eit områdeløft på Hovseter i samarbeid med staten.
- Jobbe for at dei bustadsosiale verkemidla til kommunen bidreg til at dei som kan, kjem ut i inntektsj gevande arbeid.
- Avskaffe ordninga med gjengs leige og erstatte denne med eit nytt system for leigefastsetting og

gjennomgå alle sosiale bustadverkemiddel, slik at me kan sikre at verkemidla til kommunen gjer det lettare for folk å komma seg ut i inntektsgjenvante arbeid, samtidig som me sikrar god forvalting av bustadene til kommunen.

- Legge til rette for bebuarmedverking for bebuarar i kommunale bustader, gjennom å stimulere til etablering av gardsstyre i heileigde kommunale gardar.
- Trygge interessene til bebuarar i kommunale bustader i burettslag og sameige gjennom å etablere eit sentralt brukarråd der bebuarar i kommunale bustader skal vera representerte.

Miljøhovudstaden

Byen mellom Marka og fjorden

Oslo skal vera ein av Europas mest attraktive byar. Nærleiken til Marka og fjorden er eit av Oslos aller fremste fortrinn. Oslo Arbeidarparti vil at sjøen og skogen skal vera open og tilgjengeleg for menneska i byen.

Dei neste åra vil Oslo Arbeidarparti jobbe for at friluftslivet skal bli meir tilgjengeleg for innbyggjarane i byen. Det skal vera lett for alle å komma seg ut, og dei skal ha rask tilgang til ein turveg, ein park eller ein stig i Marka. Infrastrukturen til friluftslivet, som skiløyper og badeplassar, er i liten grad halden ved like gjennom mange år. Me vil trappe opp vedlikehaldet og ønsker å bygge fleire kommunale badeplassar langs hamnefronten og elvane i byen. Øyane i Oslofjorden er blitt veldig populære dei siste åra. Me vil legge stor vekt på å forbetre forholda på øyane, med til dømes betre toalett og avfallshandtering.

Me vil ta vare på naturen og ha eit mangfaldig plante- og dyreliv basert på dei artene som naturleg høyrer heime i området. Me vil bringe Oslos bekker og elvar opp i dagen der det lèt seg gjera. Markagrensa skal ligge fast. Skogane i Oslo kommune er felles eiga til befolkninga. Forvaltinga skal ha frilufts- og verneinteressene som det berande grunnlaget og økonomiske omsyn skal underordnast desse.

Oslo Arbeidarparti vil:

- Sørge for god lyssetting i tilknyting til turvegen langs Alnaelva, frå Marka til fjorden, som eit enkelt tiltak for å fremma trivsel og folkehelse.
- Bygge ut turvegnettet i Oslo og skilte betre.
- Betre vedlikehaldet av skiløyper, turstigar, sportsstover og anna tilrettelegging i Marka i samarbeid med Den Norske Turistforening og Skiforeininga.
- Auke tilgang til friluftslivet, med meir universell utforming.
- Laga kultur- og historieløyper i byen som folk kan følgje for å oppdage og lære om Oslo.
- Bevara Sørkedalen og Maridalen som jordbruks- og rekreasjonsområde og levande lokalsamfunn.
- Ha fleire badeplassar langs fjorden og elvane i byen.
- Ta vare på badedammen på Tonsenhagen og halde ved like dammar som held på å gro igjen, som Holmendammen.
- Elektrifisere øybåtane.
- Vurdere fleire småbåthamner og samtidig sikre ålmenta fri ferdsel i nye og eksisterande småbåthamner.

Ein rein by utan forureining

Klimaendringane er ei av vår tids største utfordringar. Om me skal klare å avgrense klimaendringane og nå måla i Parisavtala, må me kutte klimagassutsleppa raskare. Oslo Arbeidarparti vil vera ein pådrivar for at me når klimamåla her i byen.

Klimautfordringa blir løyst best når alle kreftene i samfunnet bidreg. Me vil sørge for at Oslo er ein by der det er lett å vera

miljøvennleg. Me vil bidra til at me utviklar eit nytt, grønt næringsliv. Det er eit mål at både offentlege og private aktørar tek i bruk nye innovative løysingar som bidreg til å kutte utsleppa og skapa nye verdiar. Me skal skapa nye marknader for dei som leverer dei grøne løysingane.

Oslo kommune skal vera ein føregangskommune i klimaarbeidet. I åra framover vil me forsterke klimabudsjettet som styringsverktøy for klimaarbeidet. Me skal stille stadig strengare krav til kutt i utslepp frå dei kommunale byggeplassane, frå kommunen sine leverandørar og til kommunen sin eigen transport. Oslo kommune vil inngå samarbeid med vareleverandørar om å klimamerke varer som blir selde i Oslo, for å gje befolkninga høve til å gjera riktige klima- og miljøval i kvardagen.

Lufta i Oslo er blitt reinare dei siste åra. I 2018 var me for fyrste gong på mange år under grenseverdiane for luftforureining. Det er titusenvis av menneske i Oslo som bur i område der lufta er blitt betre. Likevel er me dverre ikkje i mål. Mange i Oslo blir plaga av støy og luftforureining. Dei viktigaste kjeldene er vegtrafikken og vedfyring. Når vi reduserer biltrafikken og legg om til elbilar, blir luftforureininga mindre. Hyppig bask av gatene bidreg til å redusere svevestøvet. Ein sjeldan gong kan luftforureininga bli så høg at det oppstår akutt fare for liv og helse. I slike situasjonar kan det vera eit seinveges behov for å kraftig avgrense biltrafikken. Oslo Arbeidarparti er førebudde på å bruke verkemiddel som vernebuingstakstar og dieselforbod om det finst eit klart fagleg råd om at det er naudsynt. Det må følgjast opp med ekstraordinære avgangar i kollektivtrafikken.

Avfall er ein ressurs på avvegar og skal i størst mogleg grad vinnast att og brukast på nytt. Me vil jobbe for at meir av avfallet frå både bustader og næringslivet blir sortert. Det er viktig å bygge opp under ein mest mogleg sirkulær økonomi der ressursane blir brukte om att og om att.

Avfallsanlegget på Klemetsrud er den største enkeltkjelda til utslepp av klimagassar i Oslo. På anlegget arbeider dei med eit teknologisk pilotprosjekt for å reinse utsleppa og deponere dei, såkalla karbonfangst. Pilotprosjektet på Klemetsrud er potensielt banebrytande i internasjonal samanheng. Det kan òg bidra som ein motor i lokalsamfunnet på Søndre Nordstrand. Derfor vil Oslo Arbeidarparti arbeide for å realisere karbonfangst på Klemetsrud i samarbeid med staten.

Oslo Arbeidarparti vil:

- Kutte klimagassane med 95 prosent frå 2009-nivå innan 2030.
- Bruke klimabudsjettet til å målrette klimapolitikken.
- At Oslo skal legge berekraftige og langsigktige omsyn til grunn for investeringane til kommunen og utvikle ein strategi for grøne investeringar.
- Stille krav om at alle verksemadene i kommunen, og alle leverandørar til kommunen, kuttar utslepp og leverer miljøvennleg.
- Inngå samarbeid med næringslivet i Oslo om å klimamerke varer til befolkninga.
- At hamneaktiviteten i Oslo hamn skal over på miljøvennlege og utsleppsfree løysingar. Me vil arbeide for at alle skip som kjem til hamna, på sikt nyttar nullutslepps- eller lågutsleppsteknologi ved kai og ved inn- og utsegling.
- Ha utsleppsfree drift av den lokale ferjetrafikken, landsstraum til utanriksferjene og miljødifferensiering av hamneavgifter for å premiere skip med låge utslepp.
- Samarbeide med andre hamner for cruiseskip med sikte på å stille felles krav om landstraum og andre miljøtiltak. Oslo skal ta ei pådrivarrolle i dette arbeidet.
- Legge fram ein plan for å redusere utsleppa frå fritidsbåtar, til dømes ved å bygge ut lademoglehete for elbåtar.

- Legge til rette for installasjon av solceller og andre fornybare energikjelder på fleire bygg.
- Utnytte fjernvarme til å gje rein energi til fleire.
- Bidra til at folk kan byte ut gamle vedomnar med nye reintbrennande omnar.
- Feie og vaske gatene våre jamleg for å få bukt med svevestøv og søppel.
- Gjera det gratis å reise kollektivt på dagar der luftforureininga er så høg at det oppstår akutt fare for liv og helse.
- Ha fleire avfallsdunkar i offentleg rom.
- Samarbeide med næringslivet for å redusere mengda avfall som blir produsert, og bidra til at det blir resirkulert.
- Stø opp om initiativ for å reparere og gjenbruke elektronikk og andre forbruksvarer.
- Vurdere forenkla innlevering på gjenbruksstasjonane for lag og organisasjoner.
- Ha som mål å fase ut bruken av eingongsplast i verksemndene til kommunen.
- At avfallsinnhentinga frå hushalda skal drivast kommunalt.
- Realisere karbonfangst på Klemetsrudanlegget i samarbeid med staten.
- Be staten få på plass partikkelreinsing av utsleppa frå lufttetårnet i Operatunnelen
- Hindre spreiling av, og teste alternativ til, gummigranulat.
- Vurdere ein samla plan for å sanere gift- og avfallsdeponi i Oslo med betra folkehelse som viktigaste målsetting.

Framtidas kollektivtransport

Kollektivtrafikken er eit av dei viktigaste verkemidla me har for å gjera det lettare å velja ein grønare kvardag. Oslo

Arbeidarparti vil halde fram med den offensive satsinga på kollektivtransport. Me vil utvide kollektivtilbodet, slik at det blir fleire valmoglegheiter for dei reisande. Me vil gjera det lettare for kollektivtrafikken å komma fram, slik at reisetidene blir kortare.

Fornebubana og ny T-banetunnel vil gje fleire avgangar, kortare reisetider og fleire valmoglegheiter for dei reisande. Bygginga av ny T-banetunnel skal utførast på ein måte som er mest mogleg skånsam for byen. Oslo Arbeidarparti vil følgje opp avtala i Oslopakke 3.

Ny tunnel for T-bana er det neste tiåret det suverent viktigaste prosjektet i Oslo. Tunnelen har no vore greidd ut i ni år. Me meiner det er på tide å komma vidare i arbeidet, og vil bygge ein ny tunnel i tråd med den faglege tilrådinga som ekspertutvalet leidd av Ruter har komme fram til.

Ein ny tunnel vil bidra til at me kan køyre avgangar kvart femte minutt på alle linene me har i dag. Det betyr mykje for Groruddalen, Oslo vest og Oslo sør. I tillegg vil det gje nye stasjonar på Bislett og Grünerløkka, område som i dag ikkje har T-banesamband. Det vil avlaste både trikkane og bussane i sentrum av byen. For Oslo Arbeidarparti er det viktig at dette blir eit prosjekt med god kostnadskontroll, effektiv framdrift og god involvering.

Me vil satse mykje på å utvide kollektivtilbodet i dei ytre bydelane. Framover vil me etablere fleire nye bussruter og ha hyppigare avgangar. Det skal bli enkelt å reise på kryss og tvers av Oslo med kollektivtrafikk. Me vil legge spesielt vekt på å utvide tilbodet til eldre og rørslehemma, med Rosa bussar som modell.

Trikk er ein viktig del av Oslos kollektivtilbod. Både på Ring 2 og oppover Trondheimsveien i Groruddalen kan det vera aktuelt å erstatte buss med bane. Me vil vurdere desse og andre prosjekt opp mot alternativ som moderne superbussløysingar og Trolley 2.0.

I løpet av dei neste fire åra skal store delar av bussene i Oslo bli elektriske, og me skal legge ein plan for at heile bussparken i byen kan gå på straum. Elektrisk drift skal vera hovudregelen når me bygger ut nye tilbod.

Dei neste åra vil Oslo Arbeidarparti legge vekt på å gjera det lettare å komma fram for kollektivtrafikken. Trikken skal i størst mogleg grad gå i separate trasear. Både for buss og trikk skal haldeplassar, raude lys, kryss og vegbreidder blir tilpassa slik at kollektivtrafikken kan komma raskt fram. Me ønsker å utvikle knutepunkta i heile byen, og legge til rette for at stasjonar kan bli lokale mobilitetsstasjonar, med bysyklar, sykkelparkering og plass til bildelingsbilar.

Oslo Arbeidarparti ønsker å utvikle nye billettar som tek i bruk ny teknologi og gjev betre tilbod til dei reisande. Ei av utfordringane med billettane i dag er at det er dyrt for folk som reiser av og til. Me vil vurdere lågare prisar utanom rushtida, for å bruke den ledige kapasiteten som er på T-banene.

Oslo Arbeidarparti vil:

- Bygge Fornebubana og ny sentrumstunnel.
- Starte arbeidet med forlenging av Furusetbana til Ahus og vidare utover i Nedre Romerike.
- Jobbe for å bygge Majorstuen stasjon i 2 etasjar for å få full nytte av Fornebubana og ny sentrumstunnel for T-bana.
- Arbeide for at ei løysing for kryssa på Vinderen og Slemdal, og ein ny stasjon ved Diakonhjemmet som erstatning for Steinerud og Frøen, blir realiserte samstundes for å unngå at Holmenkollbana må stengast i fleire omgangar.
- Elektrifisere bussene.
- Gjera det lettare for bussar og trikkar å komma fram.
- Etablere fleire kollektivfelt for bussane.

- Utvikle fleire stasjonar så dei kan bli lokale knutepunkt med bildeling og sykkelparkering.
- Utvide tilbodet med Ruters aldersvennlege transport, Rosa bussar, i alle bydelar.
- Styrke busstilbodet i dei ytre bydelane.
- Sørge for at dei generelle prisane ikkje stig meir enn prisstiginga.
- Jobbe for å gjera det gratis å reise kollektivt opp til 7 års alder.
- Arbeide for at kollektivtrafikantar kan reise til og frå Ahus på enkeltbillett for Oslo.
- Vurdere lågare prisar på enkeltbillettar utanom rushtida.
- Jobbe for eit skjenegåande tverrsamband som ein del av byutviklinga i Groruddalen.
- Vurdere å utvide båttilbodet for å binde fjordbyen betre saman.
- La ein vaksen med billett ta med inntil fire barn gratis i kollektivtrafikken på kvardagane utanom rushtida.

Ein enklare og grønare kvardag

Sykkelbyen

Sykling har mange fordelar i ein by som Oslo. Sykkelen er rask og effektiv, tek lite plass i gata og krev lite infrastruktur.

Oslo Arbeidarparti ønsker å halde fram med å bygge ut sykkelvegnettet i høgt tempo, i tråd med planen for sykkelvegnettet. Me vil halde fram med å gjera kvardagen enklare for syklistar, med mange små tiltak for ein meir sykkelvennleg by.

Oslo Arbeidarparti ønsker å bygge ut sykkelvegnettet frå bykjernen og utover. Det er i dei områda av byen der det bur flest folk, sykkelen har det største potensialet.

Oslo Arbeidarparti vil arbeide for at det blir gode sykkelforhold i og gjennom sentrum. I dag manglar det eit godt samband frå vest til aust, og det er framleis manglende tilrettelegging frå område som St. Hanshaugen, Grünerløkka og Jernbanetorget. Arbeidarpartiet vil jobbe for at staten sørger for at Dronning Eufemias gate får ein separat sykkelveg.

Det er viktig for Oslo Arbeidarparti å redusere konfliktane mellom syklistar og andre trafikantar. Det viktigaste grepet er å bygge sykkelvegar som i størst mogleg grad er skilde frå både bilistar og fotgjengarar. Der gåande og syklistar i dag møtest, må sykkelvegen anten byggast om eller tilpassast så farten blir senka. Det er også viktig at me utviklar ein god sykkelkultur med vekt på forståing av trafikkreglane.

Oslo Arbeidarparti vil:

- Bygge ut sykkelvegnettet i eit høgt tempo.
- Legge Oslo-standarden til grunn for utbygginga av sykkelvegar.
- I størst mogleg grad skilja syklistar frå andre trafikantgrupper som bilistar og fotgjengarar.
- Bygge ein eigen sykkelveg over Rådhusplassen.
- Gjera byen meir sykkelvennleg, med tiltak som eigne trafikklys, betre skilting og sykkelparkering, raude sykkelboksar ved lyskryss, tilrettelagde overgangar for syklistar og små vedlikehaldsstasjonar.
- Starte forsøk med grøn bølgje for syklistar og tillate høgresving mot raudt lys i nokre kryss, slik som ein gjer i København.
- Bygge sykkelveg ut i Maridalen og sykkelveg som utvida vegbane i Sørkedalen.
- Utvikle bysykkelordninga med fleire syklar og fleire stasjonar, så ho dekker større område i byen. Me vil òg vurdere å byrja med vinterdrift, elsyklar og lastesyklar.

Bilar utan forureining

Arbeidarpartiet ønsker å bidra til ei rask omlegging av bilparken i Oslo. Det er eit mål for oss at alle bilar skal vera nullutsleppsbilar som korkje bidreg til lokal luftforureining eller til utslepp av klimagassar. Derfor vil me halde fram med å gje elbilar og andre nullutsleppsbilar klare fordelar.

Tilgangen til ladestasjonar er ei stor utfordring for elbilane i Oslo. Oslo Arbeidarparti vil sørge for at det blir bygd ut eit godt nettverk med ladestasjonar over heile byen. Me vil samarbeide med kommersielle bedrifter for å få bygd ut nok ladepunkt til at alle bilistar i Oslo har tilgang til lading.

Varetransporten skal gjennom det same grøne skiftet som resten av økonomien. Derfor vil me på same måte gjera det attraktivt å velja miljøvennlege løysingar for varetransporten.

Arbeidarpartiet vil sikre at sjukeheim og sjukehus og liknande institusjonar har nok parkeringsplassar for bil, slik at besökande har rimeleg høve til å finne ein parkeringsplass.

Oslo Arbeidarparti vil:

- Sikre at det er økonomisk lønnsamt å velja elbil.
- Fjerne retten til gratis framandparkering for elbilar der det er bebuarparkering.
- Bygge ut ladestasjonar til elbilar i samarbeid med private aktørar.
- Bidra til at det blir etablert fleire hurtigladarar i Oslo.
- Arbeide for at straumnettet stadig blir utvikla for å møte nye behov som til dømes frå elbilar.
- Ha effektive støtteordningar for å bygge ut ladestasjonar i store garasjar hos burettslag og sameige, og stille krav om at nye garasjar blir bygde ut med ladehøve.
- Redusere satsar i bomringane for lastebilar som kører fossilfritt.
- Legge til rette for ladehøve ved fleire næringsparkeringsplassar.
- Samarbeide med bildelingsorganisasjonane for å få fleire elbilar som delebilar.

Moderne transportløysingar

I ein moderne by har folk eit variert transportbehov. Me vil legge opp til at ein bruker bilen når ein må, og reiser grønt og miljøvennleg når ein kan.

Målet vårt er å utvikle eit transportsystem som er lett tilgjengeleg og forståeleg med internett og smarttelefonar. Me ønsker å utvikle integrerte løysingar, der folk med ein app lett kan velja mellom ordningar som bisyklar, kollektivtrafikk eller delte bilar.

Me står overfor ein potensiell transportrevolusjon når sjølvkøyrande bilar blir rulla ut på vegane. Sjølvkøyrande bilar kan påverke måten me reiser på, kor mykje det kostar, kven som har høve til å køre bil, om ein vel å eige bil, kor mykje parkering me treng, og korleis vegane ser ut. Målet vårt er at sjølvkøyrande bilar skal bidra til mindre trafikk, mindre forureining, lågare kostnader og meir plass i byen. For å få til det treng me offentleg styring.

I eit fleirårig perspektiv kan det òg bli aktuelt å erstatte bomringen med andre system som vegprising. Med vegprising kan ein utvikle eit system der rekninga blir delt på alle som kører, i staden for dei som kører på ei strekning der det er bom. Ein slik modell kan vera ein meir rettferdig og effektiv måte å styre trafikken på.

Oslo Arbeidarparti vil:

- Gjera det enkelt å kombinere transportformer, til dømes ved å plassere bildelingsbilar og sykkelparkering ved T-banestasjonar.
- Sørge for at det er god tilgang på delte bilar over heile byen, og legge til rette for at samkøyring blir eit enkelt og attraktivt alternativ for fleire.
- Jobbe for at kommunen og innbyggjarane er best mogleg førebudde på å møte endringane som føljer av sjølvkøyrande bilar.
- I stadig større grad ta i bruk intelligente transportsystem (ITS) for å styre trafikken i Oslo.
- Starte utgreiing av vegprising i samarbeid med partane i Oslopakke 3.
- Ta vare på Alnabruterminalen.
- Vurdere å bygge ut satellittbasert godshandtering for Austlandet for å avlaste Alnabruterminalen.
- At brukarane på Alnabruterminalen må påleggast å rydde uteområda sine, og sørge for at mellombelse anlegg ikkje blir permanente.
- Bidra til at det blir bygd eit godt nettverk av fyllestasjonar for tungtransport på Austlandet med nullutsleppsløysingar som el og hydrogen, og fossilfrie alternativ som biodiesel og biogass.

Dei store vegprosjekta

Oslo Arbeidarparti meiner det er viktigast å prioritere utbygging av kollektivtrafikken. Me vil vurdere nye vegprosjekt og tunnelar i Oslo ut ifrå kor viktige dei er for lokalmiljøa, kva det betyr for biltrafikken i byen, og ikkje minst kostnader.

Oslo Arbeidarparti vil arbeide for eit lok over E6 ved Furuset. Eit lok vil knyte dalsida og dalbotnen saman, bidra til å redusere støy og luftforureining i lokalmiljøet, og gjera det mogleg å bygge ut mange nye bustader. Me vil òg arbeide for at store vegar som Trondheimsveien blir nedgraderte og gjorde om til bygater med langt mindre belasting på nærmiljøet. Eit lok over E6 ved Furuset må derfor ikkje føre til at Karihaugveien blir utvida til ein stor omkjøringsveg med fire køyrefelt. Det er eit mål for oss å redusere støybelastinga og luftforureininga langs dei store transportårene våre. Ikkje minst prosjektet E6 Oslo Øst må innfri på miljøområdet.

Oslo Arbeidarparti vil følgje opp avtala i Oslopakke 3, men me vil arbeide mot dei noverande planane for E18-utbygginga vestover. Oslo Arbeidarparti ønsker ikkje å auke bompengerekningane så mykje som dette prosjektet krev. Me vil arbeide for at dei statlege pengane som er sette av til dette prosjektet, blir brukta til infrastrukturprosjekt i regionen som har større tyding for framkomme, miljø og byutvikling. Det planlagde E18-prosjektet må slankast mykje for at Oslo Arbeidarparti skal stø det.

Kultur og idrett for alle

Kulturbyen

Oslo skal vera ein kulturby i verdsklassen der alle kan delta i, oppleva og bruke kulturtildødet. Kulturpolitikken må sikre at Oslos mangfaldige kultur og historie kjem til uttrykk, at me både tek vare på kulturarv og tradisjonar og gjev rom for nye uttrykk og nyskaping.

Oslo er hovudstaden i landet, og det synest i kulturtildødet, med nasjonale institusjonar og store arrangement. Det betyr òg at me tiltrekker oss kunstnarar og utøvarar innan alle kulturformer. Oslo Arbeidarparti vil legge til rette for meir kulturbasert næringsutvikling. Samstundes skal me som bur her, ha gode opplevelingar og moglegheiter kvar dag. Særleg barn og unge treng arenaer for kreativ og kunstnarisk utfaldning. Me ønsker ei auka satsing på kultur for barn og unge, og vil sikre at det lokale kulturlivet har god infrastruktur.

Arbeidarpartiet ønsker at Oslo kommune skal stø utviklinga av kulturuttrykk og sikre alle høve til å delta i og oppleva kunst og kultur, uavhengig av bakgrunn og økonomi. Me vil legge til rette for dei som skapar kulturen, og sikre at kunstnarar får betre arbeidsvilkår. Oslo Arbeidarparti vil derfor ha eit lokalt kulturløft.

Besøkstala for biblioteka i Oslo aukar. Det nye Deichmanske hovudbibliotek skal vera spjutspissen i satsinga på det nye moderne folkebiblioteket i Oslo. Me vil satse på utvida opningstider på biblioteka med oppdaterte digitale og teknologiske løysingar for utleige og sjølvforsyning. Biblioteka skal vera lokale kultur- og aktivitetshus som formidlar litteratur, samfunnsdebatt og kulturuttrykk.

Oslo Arbeidarparti vil:

- Opne nye lokalbibliotek på Mortensrud, Skøyen og St. Hanshaugen, og oppgradere eksisterande lokalbibliotek.
- Opne eigne barne- og ungdomsbibliotek på Holmlia, Hovseter og Romsås.
- Auke tilgangen til biblioteka ved å innføre sjølvforsyning utanfor ordinær opningstid på alle lokalbibliotek og dessutan få fleire digitale utlånsordningar.
- Bygge ut kulturskuletilbodet i alle bydelar med fleire plassar, prioritere bydelane med låg dekning, og styrke samarbeidet med skulekorpsa.
- Innføre inntektsgradering av prisen på kulturskulen.
- Innføre eit digitalt bookingsystem for frivilligheita på alle kommunale bygg som eignar seg til utlån.
- Stø heilårsarrangørar og festivalar og opprette ei arrangementseining i kommunal regi.
- Utvikle og fremma Mellomalderbeltet.
- Bidra til etablering av Fotografiets hus.
- Jobbe for å gjera delar av Oslo fengsel om til eit vekstsenter for kultur og næring og utøvande kunstnarar.
- Innføre gratis inngang for barn under 18 år på Oslo kommune sine museum i skuleferiane.
- Stø filmfestivalar, alternative filmscener og produksjonsmiljø.
- Tiltrekke fleire store produksjonar til Oslo, mellom anna gjennom arbeidet i Oslo filmkommisjon.
- Vidareføre Oslo kommunes satsing på scenekunst for barn og unge.
- Satse på gatekunst og temporære uttrykk.
- Legge til rette for at tomme kommunale bygg kan brukast til mellombelse kulturaktivitetar.

Idrettsbyen

Idrett og fysisk aktivitet skapar aktivitetsglede, er viktig for folkehelsa og skapar møteplassar og samhald. Oslo har i lang tid hatt lågast dekning av idrettsanlegg i landet. Denne trenden har Arbeidarpartiet snudd, og no vil me bygge endå fleire anlegg, særleg for barna og dei unge i byen. I Oslo skal det vera lett å leva eit aktivt liv, uavhengig av fysikk, alder, bakgrunn og økonomi.

Barn som driv med idrett, presterer betre på skulen. Derfor må me sjå på idretten som ein integrert del av ein utvida skulekvardag og som ei langsiktig investering. Som eit fellesskap må me òg ta høgde for at barn som aldri har hatt høve til å prøve organisert idrett, ikkje veit kva dei vel bort.



Oslo Arbeidarparti vil:

- Bygge fleire idrettsanlegg og betre anleggsdekninga i Oslo.
- Prioritere dei bydelane som har lågast dekning av idrettsanlegg.
- Bygge idrettshall i bydel St. Hanshaugen, som i dag er den einaste bydelen som ikkje har hall.
- Planlegge eit nytt bad i Oslo vest.
- Bygge tre nye badeanlegg på Tøyen, Manglerud og Stovner.
- Bygge nye fleirbrukshallar over heile byen, mellom anna på Dælenenga, Korsvoll, Tøyen og Tokerud.
- Bygge friidrettshall på Mortensrud.
- Rehabilitere idrettsanlegg.
- Prioritere god dekning i heile byen av anlegg som rommar store breiddeidrettar, og anlegg som husar mange idrettar, til dømes kunstgrasbaner og fleirbrukshallar.
- Prioritere anlegg til idrettar som har mange aktive, som er i sterkt vekst, eller som har stor del jenter.
- Prioritere å bygge anlegg for kampsport, turn og dans.
- Samarbeide med Oslo-idretten om å senke terskelen for deltaking, både økonomisk og sosialt.
- At Oslo kommune skal krevje at idrettsarrangement som får kommunal støtte, skal følgje det internasjonale antidopingregelverket til WADA.
- Sørge for at alle bydelar har minst eitt utstyrssbibliotek.
- Sørge for betre samordning mellom ulike utstyrssbibliotek og at utstyrssbiblioteka kan halde ope på kveldar og i skuleferiar.
- At idrettsforeiningar som har låge satsar over lengre tid, bør prioriterast når det gjeld tilgang til kommunale anlegg.

Engasjement og deltaking

Frivilligheita er ein grunnpilar i demokratiet. Frivillig arbeid gjev meinings til den enkelte som er frivillig, og meirverdiar til samfunnet. I Oslo har me eit mangfald av frivillige organisasjonar, aktivitetar og spontane initiativ for deltaking og engasjement. Oslo Arbeidarparti vil gjera det lettare å vera frivillig i Oslo. Oslo kommune si oppgåve overfor frivilligheita er å vera tilretteleggar og initiativtakar, medan organisasjonar og enkeltpersonar sjølv skapar aktiviteten.

Oslo Arbeidarparti vil:

- Innføre digital booking på lokala til kommunen for utlån og utleige til frivilligheita.
- At det er gratis for barne- og ungdomsorganisasjonar å låne lokala til kommunen.
- At fleire av lokala til kommunen, uterom og anlegg skal gjerast tilgjengelege for frivillige.
- At alle bydelar skal utarbeide lokal frivilligheitspolitikk.
- Sikre frivilligheitskoordinator sentralt i kommunen.
- Gjera søknadsordningar enklare og redusere krav til rapportering.
- Ha forsøk med Oslo-nøkkelen, ein digital nøkkel til lokala til kommunen.
- Sørgje for at utlånssentralar for utstyr har middel til langsigting drift.

Byen som tek vare på deg

Gode tenester for alle

Alle Oslos innbyggjarar treng tenester leverte av kommunen. Målet vårt er å sikre best mogleg tenester til alle innbyggjarane i byen. Ressursane til fellesskapet skal gje best mogleg kvalitet i velferdstenestene våre.

Arbeidarpartiet meiner kommunen til kvar tid må vurdere om tenestene til innbyggjarane og forvaltingsoppgåvene til kommunen er organisert på ein formålstenleg måte. Auka digitalisering av tenester, auka behov for heilskaplege tenester, fleir bruk av knappe areal og behovet til innbyggjarane for å ha nærliek til avgjerdstakarane gjer at ein må leite etter betre og meir effektive måtar å drive kommunale tenester på. Tenestene til Oslo kommune skal alltid vera organiserte til det beste for innbyggjarane. Derfor ønsker Oslo Arbeidarparti ei utgreiing som vurderer digital tenesteutvikling og kvaliteten på tenestene våre opp mot dagens organisering av kommunen.

Den moderate eigedomsskatten i Oslo reduserer sosiale og økonomiske skilnader og er ein føresetnad for den gjennomførte auken i kvalitet og omfang av kommunale tenester og for tillitsreforma i Oslo kommune.

Oslo Arbeidarparti vil:

- Vidareføre ein moderat eigedomsskatt på noverande nivå.

Like moglegheiter for alle barn

Å sikre alle barn ein god oppvekst er blant dei viktigaste oppgåvene til samfunnet. Familien er den viktigaste ramma for levekåra til barn og unge, og oppgåva vår er å legge til rette for ein trygg familiesituasjon for alle barn.

Dei aller fleste barn og unge i Oslo har trygge levekår og gode utviklingsmoglegheiter, men for nokre barn blir kvar dagen prega av omsorgssvikt, rus eller fattigdom. Arbeidarpartiet vil ha eit kompetanseløft i fyrstelinja som arbeider med barn. Tilsette på helsestasjonen, i barnehagen, i barnevernet, på skulen og i politiet skal ha kompetanse til å avdekke barn sitt behov for hjelp.

Helsestasjonen møter alle familiar, og er derfor ein viktig arena for å fange opp dei som treng ekstra rettleiing og hjelp. Tilbodet gjeld alle og er lite stigmatiserande, og helsestasjonene oppnår ei tillit som mange foreldre verdset. Om vi styrker bemanninga på helsestasjonane, vil fleire familiar få tettare oppfølging og rettleiing.

Å sikre eit godt barnevern er eit offentleg ansvar. Organiseringa av barnevernet i Oslo kan opplevast som fragmentert. Ansvaret er fordelt på bydelen, Barne- og familieetaten og Helseetaten, samstundes som tiltaka overfor barna og familiene blir utførte av mange ulike aktørar som kommunen, bydelen og private og ideelle organisasjonar. Barnevernet tilbyr hjelp til familiar med små og store utfordringar. Dei aller fleste tiltak er hjelp i heimen i samarbeid med familien, men det er også kompliserte saker der omsorgsovertaking blir gjennomført. Arbeidsfeltet er komplisert og tidkrevjande, med mange sårbare partar. Barnevernet skal løye eit breitt spekter av oppgåver, ofte i samarbeid med andre fagfelt. Dette krev god organisering, kompetente tilsette, nok tid og nærleik til barna og familiene. Arbeidarpartiet vil derfor ha ein gjennomgang av barnevernet

for å sikre best mogleg kompetanse, ressursbruk og organisering.

Arbeidarpartiet er oppteke av å sikre alle barn i Oslo eit breitt og tilgjengeleg tilbod av kultur- og fritidsaktivitetar, uavhengig av bakgrunnen og inntekta til familien. Me vil dekke kostnadene til fritidsaktivitetar for familiar med låg inntekt, og opprette ei ordning med gratis utlån av utstyr i alle bydelar.

Oslo Arbeidarparti vil:

- Sikre eit kompetanseløft for dei som arbeider med barn i fyrstelinja, for å styrke evna til å avdekke omsorgssvikt, vald, overgrep og utanforskap.
- Ha fleire tilsette på helsestasjonane for å gje alle ei god oppfølging.
- Utføre ein gjennomgang av barnevernet for å sikre best mogleg kompetanse, ressursbruk og organisering.
- Innføre ei støtteordning for å betala fleire gratis fritidsaktivitetar for alle barn i område med mange barn i låginntektsfamiliar, og dessutan innføre ei ordning med aktivitetsstøtte for barn i fattige familiarar.
- Sikre gratis utlån av utstyr til fritidsaktivitetar.
- Legge betre til rette for deltaking på aktivitetstilbod i skuleferien.

Helse og livskvalitet

Oslo skal vera ein by der det er lett å ta gode helseval i eigen kvardag. Samstundes skal helsehjelp vera tilgjengeleg når du treng det, og eigendelane skal vera låge.

Me vil organisere helsetenesta på ein måte som gjer befolkninga trygg på at den offentlege helsetenesta er den fremste, uavhengig av kven du er eller kor du kjem frå. For å motverke ei todeling og auka privatisering av den felles helsetenesta vår må dei offentlege tilboda leie an og ta del i utviklinga av nye måtar å løyse oppgåver på.

Di tidlegare me legg til rette for gode helsevanar, di lettare kan me førebygge dei store livsstilssjukdommane. Arbeidarpartiet ønsker auka satsing på frisklivstilboda og vil legge til rette for betre ernæringstilbod i fleire av tenestene våre. Me ønsker også å legge til rette for økt fysisk aktivitet og vil prøve ut tiltak som premierer fysisk aktivitet.

Det er eit mål for Oslo Arbeidarparti at alle elevar skal tilbydast eit enkelt skulemåltid, og me vil starte innføringa av dette i 2019–2023.

Me lever stadig lenger, og me lever derfor også lenger med ulike sjukdommar. Det betyr at fleire i periodar vil ha behov for sjukehusopphald, følgt av gode rehabiliteringsløp og oppfølging. Arbeidarpartiet ønsker å styrke arbeidet med rehabilitering, både på helsehus og i eigen heim, slik at fleire får god støtte og hjelp til å komma tilbake i ein situasjon der livet kan meistrast.

Arbeidarpartiet vil sørge for ei trygg og tilgjengeleg fastlegeteneste for innbyggjarane i byen. Me vil legge til rette for at fastlegetenesta kan utvikle seg i tråd med behovet og forventingane til innbyggjarane.

Førekomsten av psykiske lidningar aukar, særleg blant unge. Arbeidarpartiet ønsker lett tilgjengelege lågterskeltilbod som er enkle å finne og få hjelp frå. Derfor vil me samle fleire tenester på same stad. Me vil auke kapasiteten innanfor dei psykiske helsetenestene og jobbe for betre samarbeid mellom dei ulike nivåa. Då kan me førebygge betre, hjelpe raskare og samstundes motverke aukande sosial forskjell i helse.

Når primærhelsetenesta er under press, og stadig fleire oppgåver skal skje nær heimen, utanfor sjukehusa eller i samarbeid med dei, må me sørge for at tenestene våre blir i stand til å møte dette.

Det må vera tett samarbeid mellom sjukehusa i byen og primærhelsetenesta til kommunen for å sikre god samhandling. Helsetenesta skal opplevast som god, samanhengande og tilgjengeleg for innbyggjarane. Me må unngå at menneske endar som kasteballar i systemet eller må kjempe for tenester dei har krav på. Oslo Arbeidarparti meiner pasienten kan få ei betre helseteneste om me greier ut nye modellar for samarbeid mellom kommunen og sjukehusa for å gje innbyggjarane best mogleg helsetenester nær heimen.

Oslo Arbeidarparti er bekymra for sjukehustilbodet til befolkninga i Oslo. Det hastar med avklaring om framtidig sjukehuskapasitet. Nye Aker skal vera lokalsjukehuset for alle dei fire bydelane i Groruddalen og pasientane må flyttast samtidig for at innbyggjarane skal få best mogleg helsetenester.

Oslo Arbeidarparti vil:

- Krevja at staten sikrar at Aker lokalsjukehus blir realisert raskt, og at kapasiteten på sjukehusa i byen er gode nok for ein by i vekst.
- At nye lokalsjukehusfunksjonar må byggast opp anten på Ullevål eller Gaustad. Alternativet som blir valt, må sikre god pasientbehandling på kort og lang sikt og kunne dokumentere økonomisk forsvarlegheit knytt til både drift og investeringar.
- At avgjerala om nytt sjukehus anten på Ullevål eller på Gaustad må takast på bakgrunn av eit godt faktagrunnlag, og samstundes må ein sørge for framdrift i utbyggingsplanane, då det hastar med nye sjukehusbygg i Oslo. Det er derfor naudsynt at avgjerala om det framtidige sjukehuset skal ligge på Ullevål eller Gaustad, er godt grunngjeven og tilstrekkeleg greidd ut.
- Styrke dei psykiske helsetenestene i bydelane.
- Starte bygging av ny storbylegevakt.
- Greie ut modellar for korleis me kan gjera forsøk der bydelar og sjukehus får eit samla ansvar for helsetenestene i eit område.
- Starte arbeidet med å greie ut ei ny legevakt 2.
- Vidareutvikle og trygge fastlegeutenesta.
- At det blir etablert fleire fastlegekontor med kommunalt tilsette legar.
- Ha open skulehelseteneste på alle skular kvar dag.
- At kapasiteten til tannhelsetenesta skal aukast, slik at me kan behandle barn i tråd med nasjonale tilrådingar.
- Ha fleire treningsapparat i parkar og på offentlege fellesområde.
- Innføre gratis skulemåltid på alle grunnskular.
- Ha betre krise- og traumekompetanse blant tilsette i kommunen.

- At rett kompetanse på rett oppgåve skal vera retningsgjevande for bruk og rekruttering av personalressursar i pleie- og omsorgssektoren.
- Styrke oppfølginga av pårørande og barn av psykisk sjuke.
- Etablere fleire tilbod som Ung arena, der innbyggaren får “ei dør inn”.
- Ha forsøk med gratis prevensjon for dei under 16 år.
- Gje gratis hjernehinnebetennelsevaksine til russen.
- Ha betre kapasitet innanfor rehabilitering.
- Jobbe for at ordninga med handikapparkering blir forenkla.



Ein aktiv alderdom i en aldersvennleg by

Oslo skal vera ein aldersvennleg by. Det å kunne meistre kvardagen og delta i aktivitetar og vera sosial er avgjerande for god livskvalitet. Derfor ønsker Arbeidarpartiet å gå frå ei institusjonsbasert eldreomsorg til ein aktiv alderdom der eldre kan vera sjef i eige liv.

Eldre menneske har mykje kunnskap og ressursar som byen må bruke meir. Me ønsker å jobbe for å redusere einsemd og isolasjon, legge til rette for meir samfunnsdeltaking gjennom ulike kultur- og aktivitetstilbod for eldre og gjeva det enklare å melde seg som frivillig. For å ha ein aktiv alderdom må ein òg lett kunna komma seg fram i byen, heile året. Det handlar om alt frå kollektivløysingar til lyssetting, gatedekke og fleire benkar.

Me vil legge til rette for at folk kan bu lengst mogleg heime. Derfor held me fram med utbygginga av heimebasert omsorg, og tek i bruk fleire teknologiske løysingar som gjev tryggleik for den enkelte. Me vil spesielt auke tilbodet av heimetenester til eldre med eit omfattande hjelpebehov. Nye bustadformer skal byggast, slik at fleire kan bu i eigen heim sjølv om behovet for auka tryggleik eller hjelphemiddel aukar. Samstundes skal dei som treng sjukeheimslass, kunne flytte inn i funksjonelle bygg som er bygde og innreidde meir som heim. Nye omsorgsinstitusjonar skal ha fasilitetar som legg til rette for aktivitet og kontakt mellom ulike grupper og generasjonar.

I åra som kjem, vil talet på eldre over 67 år byrja å auke igjen. Samstundes vil me få fleire i yngre alder som treng tilpassa tenester. Dette betyr at me må halde fram med utviklinga av dei heimebaserte tenestene i byen. Rehabilitering, kvardagsmeistring og fleire ulike dagaktivitetstilbod er døme på tenester me vil trenge meir av i framtida. Oslo Arbeidarparti vil at leiinga av heimetenesta skal vera tillitsbasert, med tverrfaglege team med vedtaksmakt. Mange eldre føler seg

utrygge når det kjem stadig nye hjelparar heim til dei frå heimenestene. Det er naudsynt å organisere tenestene slik at det blir meir stabilitet i turnus og medarbeidrarar. Målet er at innbyggjarane skal møte kjente fjes, og at medarbeidarane skal ha tid til å gjennomføre dei ulike oppdraga sine.



Oslo Arbeidarparti vil:

- Halde fram med styrkinga av heimebaserte tenester.
- At sjukeheimar skal drivast av kommunen eller av ideelle aktørar.
- Styrke bemanninga på kommunale sjukeheim.
- At eldre på sjukeheim skal sikrast einerom med eige bad på rommet.
- At sjukeheimane skal tilby god og ernæringsrik mat og sørge for gode måltidsstunder.
- Vidareføre sambuargaranti på sjukeheimane.
- At eldre på sjukeheim skal få tilbod om éin times aktivitet dagleg basert på ønska og behova deira.
- Tilby ny teknologi som gjev dei eldre auka tryggleik og større innverknad over eige liv.
- Bygge fleire bustader for personar med demens.
- Bygge fleire omsorgsbustader med døgnbemanning, fellesareal og aktivitetstilbod.
- Etablere nye butilbod der eldre og studentar kan bu saman.
- Vidareføre fritt brukarval i heimebaserte tenester.
- At det blir oppretta eigne rådgjevande legestillingar for heimetenestene.
- At heimebuande med heimetenester får tilbod om aktivitetstid.
- Auke dagtilbodet til heimebuande med demens.
- Innføre etevenn på sjukeheimar.
- Betre aktivitetstilbodet på seniorsentera.
- Ha førebyggande besøk frå heimetenesta til eldre over 75 år som ikkje får kommunale tenester.
- Legge til rette for fleire generasjonsmøte i Oslo.
- Førebygge einsemd blant eldre.
- At ordninga med folkevalde tilsyn blir evaluert.

Rusomsorg

Arbeidarpartiet vil føre ein kunnskapsbasert og fordomsfri ruspolitikk. Målet vårt er betre helse og livskvalitet for rusavhengige, godt helsestell, tilgjengelege tenester og færrest mogleg overdosar og alvorlege skadar. Arbeidarpartiet er oppteke av at menneske med rusproblem blir møtte med likeverd og respekt. Dei skal få tilbod om hjelp utan at det blir stilt krav om rusfridom. Rusavhengnad skal bli møtt med forsvarleg helsehjelp og sosiale tenester, ikkje bøter og straffeforfølging.

Alkohol er det vanlegaste og meste brukte rusmiddelet i Noreg og utgjer det meste omfattande rusproblemet i Oslo. Derfor er det òg det rusmiddelet som er mest skadeleg for folkehelsa. Ein svært stor del av barn og unge med ruslidningar veks opp i heimar der det er eit stort og problematisk forbruk av alkohol.

For å førebygge og avgrense følgjene av alkoholmisbruk vil Arbeidarpartiet føre ein restriktiv alkoholpolitikk, og nytte kjente verkemiddel for å førebygge større konsekvensar ved skadeleg alkoholbruk. Arbeidarpartiet vil legge til rette for at det skal vera låg terskel for å be om hjelp sjølv. Me ønsker ein openheitskultur på arbeidsplassar og aksept for at avhengnad er eit samansett problem.

Fattigdom, isolasjon, einsemd og mangel på tilhøyrslle kan både føre til, halde ved lag og vera ein konsekvens av rus og psykiske problem. Kompetansen i eldreomsorga knytt til avdekking og bistand til personar som er i ferd med å utvikle rusproblem, må styrkast.

Oslo Arbeidarparti vil:

- Utvide kapasiteten innanfor arbeid til personar i rusbehandling.
- Stø opp under organisasjonar som gjev rusavhengige arbeid.
- Betre mattilbodet på rusinstitusjonar.
- Gjera sprøyterommet i Oslo om til brukarrom der narkotiske stoff kan takast inn på ein meir skånsam måte.
- Desentralisere utdeling av brukarutstyr, feltpiele og dagtilbod til bydelane.
- Gå frå ei institusjonsbasert omsorg til bustad i eigen bydel.
- Vri tilbodet frå institusjon til eigen bustad.
- Styrke pårørandeearbeidet, særleg for barn som pårørande.
- At alle bydelar har ein ruskonsulent.
- At personar må få eigna butilbod og eit godt jobb- og aktivitetstilbod ved utskriving frå behandling.
- At kommunen skal ha eit ambulerande team for rus- og psykiatrilidinger i samarbeid med spesialisthelsetenesta.
- Søke staten om å få ha prøveprosjekt med heroin i LAR.
- Legge til rette for at ideelle organisasjonar og brukarstyrte tiltak kan bidra i rusomsorga.
- At kommunen skal forbetre dei skadereduserande tiltaka sine og ha lett tilgjengelege sosial- og helsetenester for personar med rusproblem.
- Sikre at undervisningsopplegget i skulen er oppdatert i tråd med ny kunnskap og dekker heile rusfeltet.
- Betre tenestetilbodet for personar med alkoholavhengnad.
- Gjera informasjon om hjelpetilbod meir tilgjengeleg.
- Legge inn krav i Oslo-modellen for eit sømeleg arbeidsliv om at kontraktørane har retningslinjer for alkoholbruk.
- Vidareutvikle tiltaka retta mot barn og pårørande som lever i ein heim med rusutfordringar.

Ein trygg by

Å oppleve tryggleik i byen, i nabolaget og i eigen heim er ein føresetnad for at menneske kan leva eit fritt liv. Gjennom sterke fellesskap skal me bygge trygge lokalsamfunn som inkluderer og integrerer. Oslo Arbeidarparti er bekymra for dei tendensane til auka uro og kriminalitet som me ser i delar av Oslo. Derfor vil me ha ein tryggleiksoffensiv for Oslo.

Vald og kriminalitet kan førebyggast. Årsaka til at enkelte hamnar utanfor fellesskapet, er ofte samansett. Mange har ikkje gått i barnehage, dei har slite på skulen og mista motivasjonen. Mange har stått utanfor organiserte fritidsaktivitetar, dei kjem frå økonomisk fattige familiar og har foreldre som står utanfor arbeidslivet. Dei har oftare enn andre vore utsette for vald og overgrep. Samstundes er behovet for fellesskap det same. Når samfunnet sviktar, søker dei heller andre fellesskap, til dømes i kriminelle miljø, rusmiljø eller radikale miljø. Tidleg innsats i skulen og eit sterkare lag rundt barna er det viktigaste me kan gjera for å førebygge utanforskap, vald og kriminalitet.

Mange fattige tilreisande frå andre land oppheld seg i Oslo store delar av året utan bustad. Teltleirar, kummerlege sanitærforhold, forsøpling og tigging er nokre av utfordringane. Aggressiv tigging er ikkje lovleg i dag, og politiet må slå ned på dette. Oslo Arbeidarparti meiner at det ikkje skal vera forbode å be om hjelp. Oslo Arbeidarparti er derfor mot eit tiggarforbod, og vil heller betre informasjonstiltaka og sanitærsituasjonen for gruppa, og dessutan sørge for bortvising frå ulovlege teltleirar og rask opprydding etter desse.

Enkelte bustadområde er meir utsette for store sosiale skilnader og levekårsutfordringar enn andre. Det er som regel område med ein høgare del låginntektshushald, der arbeidsløysa er høgare, familiane er store og folk bur trøngt. Dette gjev grobotn for ei kjensle av å falle utanfor.

Oslo Arbeidarparti vil ha trygge nabolag bygde på sterke fellesskap. Me vil jamne ut levekårsskilnader, sikre sosial mobilitet, førebygge fattigdom og gje alle høve til å leva det livet dei sjølv ønsker. Arbeidarpartiet vil derfor framleis vera ein pådrivar for områdesatsingar i utsette område med levekårsutfordringar. Gode, lokale møteplassar er viktig for å lykkast med dette og skapa trivsel og samhald i eit nabolag. Det er avgjerande å utvikle eit lokalt og inkluderande samarbeid med bebuuarar, organisasjonar, burettslag, næringsliv, bydelar og offentlege institusjonar.

Oslo kommune har ansvaret for viktig infrastruktur, til dømes drikkevatn. Det er derfor viktig at Oslo kommune har oppdaterte og operative planverk for kritiske hendingar. Oslo Arbeidarparti vil derfor styrke arbeidet med å førebygge alvorlege hendingar. Auka digitalisering stiller auka krav til tryggleik, innbyggjarane i kommunen skal vera trygge på at digitale verktøy er operative og sikre. Oslo Arbeidarparti vil styrke arbeidet med å sikre IKT-miljøa til kommunen.

Tiltak mot kriminalitet

Politiet i Oslo må få ressursane som trengst for at kriminalitets- og valdsproblem i utsette bydelar ikkje får etablere seg. I utsette område er det viktig at innbyggjarane opplever at politiet er til stades og tilgjengeleg. Dersom politiet har god kunnskap om nabolaget og eit nært samarbeid med skulane, bydelen, ungdomsklubbar, kultur, idrett og frivilligheit, kan dei gripe raskare inn og innsatsen vil vera meir heilskapleg. Kommunen skal bidra med førebyggande arbeid i nært samarbeid med politiet. Me vil òg i større grad bruke Salto i det førebyggande arbeidet inn mot ungdomsmiljø.

Politiet må òg få naudsynte ressursar til å setta inn ekstra tiltak mot organisert kriminalitet. Staten må sørge for at politiet kan inndra økonomisk utbytte frå kriminell verksemd, og sørge for godt vitnevern. Staten må vidare sørge for tilstrekkelege ressursar til domstolane, slik at ferdig etterforska saker frå politiet ikkje hopar seg opp i stadig aukande restansar, men kan førast for retten, slik at lovbytarar kan få straffa si i tide.

Overgangen mellom soning og lauslating er ofte vanskeleg og kritisk. Tilbakeføringsarbeidet må startast raskast mogleg etter innsetting i fengsel, og det er viktig med god samhandling mellom dei ulike aktørane. Oslo Arbeidarparti meiner at samarbeidet mellom kriminalomsorga og kommunen må styrkast, særleg når det gjeld NAV og barnevernet. Derfor er det viktig at ein har på plass viktige tiltak som bustad og sysselsetting eller utdanning i god tid før lauslating. Ein som blir lausluten bør ha minst éin fast kontaktperson å ta kontakt med. Både det kommunale arbeidet og frivillige organisasjonar må sikrast tilstrekkelege ressursar til dette viktige arbeidet.

Barn og unge som er involverte i kriminelle miljø, må følgjast opp individuelt. Oslo Arbeidarparti ønsker betre informasjonsdeling mellom politiet og kommunale tenester,

som skule og barnevern, slik at det kan etablerast eit tettare samarbeid i oppfølging av elevar som har gjort lovbrott eller er ein del av miljø prega av kriminalitet, vald og rus.

Dei siste åra har det vore fleire episodar med grov vald i Oslo-skulen. Oslo Arbeidarparti meiner elevar som utøver grov vald i skulen, skal kunne takast ut av undervisninga av omsyn til tryggleiken til elevar og medarbeidarar. Elevane skal følgjast opp individuelt gjennom eit eige program i samarbeid mellom heim, skule, politiet og helsetenestene. Målet er alltid at elevane raskast mogleg skal tilbake i ordinær opplæring og få den hjelpa som skal til for å takle dei utfordringane som provoserer fram vald.

Oslo Arbeidarparti vil:

- At politiet har sterk lokal forankring i dei delane av byen der det er mykje alvorleg kriminalitet og vald.
- At politiet er synleg og til stades i nærmiljø, og at dei har ein relasjon til og samarbeid med mellom anna skular, bibliotek, idrettsforeiningar og nabolag.
- I større grad bruke Salto som eit verktøy i det førebyggande arbeidet inn mot ulike ungdomsmiljø.
- Setta i gang eit prosjekt i samarbeid med politiet og kriminalomsorga retta mot unge gjengangarar.
- At politiet blir sikra ressursar til å oppsøke og infiltrere kriminelle miljø, ikkje berre reagere når situasjonar oppstår.
- Be staten vurdere om domstolane skal kunne setta som vilkår at personar knytte til etablerte gjengmiljø blir nekta å flytte tilbake til gamle nabolag etter enda soning.
- Inngå ei forpliktande samarbeidsavtale mellom Oslo kommune og fengsla i byen.
- Tilsetta NAV-konsulent eller NAV-koordinator ved Oslo fengsel og Bredtveit fengsel.

- Ha eit meir forpliktande samarbeid mellom NAV, vaksenopplæringa og kriminalomsorga for å sikre tett psykososial oppfølging under og etter lauslating.
- Etablere eit barnevernsteam ved Oslo fengsel.
- Betre den kommunale helsetenesta i fengsla i byen.
- Utarbeide eit exit-program i samarbeid med Oslo fengsel for unge og gjengkriminelle som hamnar i fengsel.
- Involvere kriminalomsorga i det kriminalitetsførebyggande arbeidet som blir gjort i kommunen.

Hatkriminalitet

Auken i hatkriminalitet mot personar på grunn av seksuell orientering, kjønn, kjønnsuttrykk, etnisitet eller religion må takast på største alvor. Oslo skal vera ein by for alle, uavhengig av opphav, religion, bakgrunn eller kven ein forelskar seg i. Det er ingen plass til rasisme, nynazisme eller hat i byen vår. Mangfald er Oslos identitet og styrke.

Oslo Arbeidarparti vil:

- Intensivere det haldningsskapande arbeidet mot hat, ekstremisme, rasistiske og nazistiske haldning, i samarbeid med skulen, idretten, kulturlivet og andre relevante aktørar.
- Styrke fokuset på kjeldekritikk og auke medvit om faktum og falske nyhende i skulen.
- Ha tett dialog med Oslo-politiet, frivillige organisasjonar og andre relevante aktørar om førebygging og tiltak mot hatkriminalitet og hatprat på nettet og i byen.
- Hente inn kunnskap frå relevante aktørar, Senter for forsking på høgreekstremisme og andre kunnskapsmiljø for å lære meir om korleis ein best kan førebygge hatefulle haldningar og ytringar, samstundes som ein sikrar ytringsfridommen.



For hele Oslo